



Kvam herad

# Årsmelding 2013



Foto: Lars Arvid Oma



# Innhold

1	Framtida er her.....	2
2	Hovudtrekk.....	5
2.1	Statens pris for årets mest attraktive stad .....	5
2.2	Medarbeidar .....	5
2.3	Internkontroll og tilsyn .....	7
2.4	Arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.....	8
2.5	Økonomi .....	9
3	Oversyn over tenestene .....	13
3.1	Politisk verksemd.....	14
3.2	Administrasjon, styring og fellesutgifter .....	15
3.3	Barnehagar .....	17
3.4	Grunnskule.....	19
3.5	Kommunehelse .....	22
3.6	Pleie- og omsorg .....	25
3.7	Sosialteneste og NAV.....	28
3.8	Barnevern .....	30
3.9	Bustader.....	32
3.10	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø .....	34
3.11	Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift.....	37
3.12	Brann og ulukkesvern.....	39
3.13	Samferdsel og grøntanlegg .....	40
3.14	Vatn, avløp og renovasjon/avfall .....	41
3.15	Kultur.....	43
3.16	Kyrkja.....	46
3.17	Skatt og rammetilskot.....	47
3.18	Finans .....	48
3.19	Sosiale kostnader inkludert premieavvik.....	49
3.20	Avskrivningar.....	50
4	Årsrekneskap .....	51
4.1	Driftsrekneskap.....	51
4.1.1	Rekneskapsskjema 1A .....	53
4.1.2	Rekneskapsskjema 1B .....	53
4.2	Investeringsrekneskap .....	54
4.2.1	Rekneskapsskjema 2 A .....	55
4.2.2	Rekneskapsskjema 2B .....	55
4.3	Balanse .....	56
4.4	Notar .....	58
4.4.1	Aksjar og partar .....	58
4.4.2	Obligasjonsportefølje .....	59
4.4.3	Låneportefølje .....	60
4.4.4	Avdrag på lånegjeld ihht krav til minsteavdrag.....	60
4.4.5	Endring arbeidskapital.....	61
4.4.6	Anskaffing og bruk av midlar.....	61
4.4.7	Avsetninger og bruk av avsetninger.....	61
4.4.8	Note til balanserekneskapet .....	62
4.4.9	Prosjekt.....	63
4.4.10	Pensjonsnote .....	67
4.4.11	Godtgjersler og honorar .....	67
4.4.12	Garantinote .....	68
4.4.13	Note til VAR – området .....	68
4.4.14	Kapitalkonto .....	69

## 1 Framtida er her

*«Ufordinngane er mange, men ufordinngar hindrar stagnasjon og gjev oss i staden nye moglegheiter. Skal me tenkja på kva som kjem lengre fram i tida må me velja våre vyar, tenkja litt rundt det som er merkeleg – kanskje magisk i dag – moglegheiter er magiske. Skal me saman skapa eit levedyktig Kvam for framtida må me inspirera kvarande utanfor den boksen der rammene er avgrensa av pengar. Ved å skapa dei rette arenaene har me fri tilgang på mykje kreativitet og ekstreme løysingar. Hugs at me er over åtte og eit halvt tusen menneske i Kvam som kjem frå over 60 ulike nasjonar. Det gjev oss uendeleg mange innfallsvinklar til å eksperimentera i problemløysinga, og fantastiske moglegheiter om me fritt let ideane blanda seg.»*

Utdrag frå innleiinga til budsjettet for 2013

«Oppsiktsvekkjande» beskriv 2013 i Kvam på ein god måte. Verken gjennomlesing av årsmeldinga eller ein kikk ut kontorvindauga tyder på stagnasjon i Kvam. Me lar oss ikkje knekka av elendig vær, raset i Tokagelet eller svak kommunal økonomi. Bilete i ei regionavis frå i haust av arbeidskarar som nær sagt vassa til livet i gjørme for å koma seg til arbeid på Kvamskogen då vegen gjennom Tokagelet var stengt, er eit sterkt symbol på kvemmingen; me vender berre det andre kinnet til når utfordinngane bankar på døra.

Eg er ikkje lite stolt over den lidenskapen for lokalsamfunnet som dedikerte tilsette syner kvar dag. Med brukaren og Kvam sitt beste i fokus møter tilsette på jobb 365 dagar i året, 24 timer i døgnet. I eit vakkert samspel mellom kommune, næringsliv og frivillig innsats, og drift, utvikling og fornying er samfunnet vårt i kontinuerleg framdrift.

*«Årets kulturkommune har gjennom fleire år vist stor oppfinnsomheit og sterk vilje i sitt arbeid med kultur. Dei har hatt og har spenstige visjonar for dette både åleine og saman med dei andre kommunane i regionen. Der er mange spennande og gode aktørar både innan det frivillige og profesjonelle kulturfeltet i årets kulturkommune, og vi opplever det politiske og administrasjonen i kommunen som gode ambassadørar og støttespelarar for desse.»*

Frå grunngjeving for tildelinga av Årets kulturkommune til Kvam

Året 2013 gjev oss svært mykje positivt å byggja vidare på og ei von om at me kan trekkja det magiske inn i våre vyar. Norheimsund vann i 2013 statens pris for attraktiv stad i hard konkurranse med andre. Kvam vann også prisen som årets kulturkommune i Hordaland og var ein av fire finalistar i den nasjonale kåringa. I Norheimsund stod ny skule, hotell og strandveg ferdig, og Hardanger kunstskule opna. Arbeid med utbetring av vegar og turistattraksjonar haldt fram for fullt. Hordaland fylkeskommune fatta vedtak om å byggja ny vidaregåande skule i kommunen. Fleire kvemmingar hevda seg på høgt nivå både nasjonalt og internasjonalt innan idrett og kultur. Bedriftene i Kvam rangerer høgt i landet innan lønnsemd og landbruksnæringa syner stor investeringsvilje. Frivillig sektor, gjennom Grannehjelpa, fekk eit løft ved auka kommunalt tilskot.

*«Då me gjekk på promenaden i dag, såg me at han er unik blant norske tettstader. Nesten ingen kjem til å ha ein slik promenade. Det tyder at de har noko unikt. Då er ein eit førebilete. Det er*

*viktig at me gjev prisen til ein stad som klarar å gjera noko som har overføringsverdi til andre. Ikkje mange klarar det. Vår pris er ei anerkjening av prosessar, politisk og administrativ kompetanse, næringslivet og frivillig kompetanse. Det er også ei anerkjening av ideen om å byggja tett som framtidsløysinga. Mange trur at då må ein bli Manhattan og bu i høge blokker. Nei, dra til Norheimsund og sjå at det går veldig fint utan. Me har kommunalt sjølvstyre basert på lange, fine tradisjonar. Den viktigaste ressursen er at ein får bestemma kva areal skal brukast til. Det gløymer mange. Det får andre bestemma, tenkjer mange. Det kjem nokon og bankar på døra og vil noko, og så må ein vera positiv til det. Ein må bestemma seg for om ein vil vera nokon andre styrer med eller styra sjølv. Skal ein vera subjekt eller objekt? Skal ein bli handla med eller handla? Alt de har gjort, viser sterke evne til å bestemma retninga. Når eg ser at handelsstaden smiler, hotella trivst, integrasjonen går godt, kulturlivet blømer og me kan gå over ei flott bru laga av ein herværande industridesigner, tenkjer eg at dette er utruleg bra. Dette er starten på noko som vil bli endå betre.»*

Erling Dokk Holm under tildelinga av «Statens pris for attraktiv stad»

Starten på noko endå betre, ei oppsiktsvekkjande framtid for Kvam? Sjølv om budsjettarbeidet ofte er prega av mørke skyer, problemfokus og motvilje er kvardagane i hovudsak prega av løysingar, små gleder og optimisme. Me skal vera glad for at det er slik. Det er på grunn av at optimismen og løysingsfokuset vinn i kvardagen me overvinn dei mørke skyene. At me gjer spådommane til skamme gong etter gong, skuldast ikkje at spådommane ikkje er sanne, men at me tek dei på alvor. Difor er det ikkje berre samfunnsrekneskapen som er positiv i 2013, men også det økonomiske resultatet.

Tekstane til dei ulike rammeområda syner stor endringsvilje og tenesteutvikling til brukaren sitt beste. Ord og uttrykk som «vurdering for læring», «tidleg innsats», «velferdsteknologi», «kvardagsrehabilitering» er ikkje berre byråkratiske flosklar, men konkrete og merkbare forbettingsprosjekt med positivt forteikn. Innanfor alle einingar, innanfor nesten alle tenester finn ein døme på at fokuset i kvardagen ikkje nødvendigvis er på effektivisering og nedskjeringar (kva me ikkje får til), men på fornying, forenkling og forbeting (kva me får til).

Omorganisering, omstilling og endringar vender mykje av fokuset innover i organisasjonen, er ressurskrevjande og kan dermed redusera gjennomføringskrafta på viktige områder. Det er framleis mykje å ta fatt i, mykje som kan vidareutviklast og tilpassast endå trongare økonomiske rammer. Det vart fatta viktige vedtak og arbeidd med mange store og vanskelege saker i 2013 som dannar eit godt grunnlag for framtidsutvikling. Den mentale innstillinga vår må avla at me heile tida ser kva me kan skapa innanfor dei rammene me til ei kvar tid har.

*«Prosjektet har fokus på etablering og organisering av kunst- og kulturbasert næringsklyngje basert på røynsle, institusjonar og nettverk som er bygd opp gjennom tilflyttingsprosjekta Kvammalokk og Hardangerlokk. Målet er å auka fokus på Kvam som attraktiv bu- og arbeidsstad for kunstnarar.»*

Frå tildelinga av 1,3 millionar kr i bulystmidlar til Kvam

Talent, trivsel, toleranse og teknologi er underliggende faktorar som må vera til stades skal me lukkast. At endring er det einaste me kan vera trygg på i framtida synes heilt klart. Undersøkingar syner at av dagens yrker vil minst ein tredel forsvinne i framtida. Barna våre er dei framtidige medskaparane av samfunnet, men dei vert utdanna til jobbar som ikkje lengre finst når dei er ferdig utdanna. Framtida krev då at me oppskattar eit samfunn der barna må læra å vera skapande menneske og problemløysarar. Framtidsborgarane må utrustast med verktøy til å meistra ei

omskifteleg verd som stadig er i utvikling og endring. Me må gje dei høve til å vekse opp i eit samfunn som øver opp sjølvstende, evne til kritisk refleksjon og kreativitet, på tvers av fag og profesjonsutdanning.

Dette samfunnet er jo....., oss. Framtida er her.

Arild McClellan Steine  
- rådmann -

## 2 Hovudtrekk

### 2.1 Statens pris for årets mest attraktive stad

I mai 2013 fekk Norheimsund «Statens pris for årets mest attraktive stad» i konkurransen med 358 andre stadar. Juryen hadde mellom anna følgjande grunngjeving for prisen; «*I Norheimsund er det jobba systematisk med planlegging og investeringar omkring tettstadutvikling. Utviklinga er ynskt, langsiktig og skal halde fram!*».


I oppsummeringa var det konkludert med at; «*Kommunen med administrativ og politisk leiing viser styringsvilje med å vere lojal til planer og utbygging av areal i sentrum. En slik evne har dessverre ikke alle kommuner, og det er synd. For dette er kanskje noko av det aller viktigste: På denne måten får dei ei utvikling som tener tettstaden på sikt, og gjere den attraktiv*».

Biletet på framsida er frå då dåverande kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete formelt overrekte prisen. Knut Heide Nedkvitne spelar saksofon.

### 2.2 Medarbeidar

#### Sjukefråværsutvikling frå 2008 – 2013

Sjukefråværet i 2013 var i gjennomsnitt på 6,9%. Det er 0,5% lågare enn i 2012 og viser eit sjukefråvær på same nivå som i 2010 og 2011. Auken i sjukefråvær i 2012 vart dermed ikkje vidareført. Det høge sjukefråværet i starten av året 2012, var ikkje tilsvarande høgt i 2013. Målsetjinga i IA-avtalen er eit lågast mogleg fråvær og ikkje høgare enn 6,5% innan 31.12.13.



#### Sjukefråværsprosjekt

Arbeidsmiljøprosjektet i gruppe 3 i Øystese vart avslutta pr. 30.09.13 som planlagt. I prosjektperioden fekk ein bl.a. prøvd ut om auka grunnbemanning ville medverka til lågare sjukefråvær. Gruppe 3 hadde eit sjukefråvær på 14,1% ved oppstart av prosjektet i oktober 2012. Ved utløp av prosjektperioden i september 2013 var sjukefråværet på 7,6%. Gjennomsnittleg fråvær i prosjektperioden var på 12,2%, medan det året før låg på 15,5% - dvs. ein nedgang på 20%. Den positive utviklinga har halde fram også etter at prosjektet vart avslutta, og resultata viser eit sjukefråvær på 4,8% i 4. kvartal 2013. Prosjektet var eksternt finansiert via NAV Arbeidslivssenter og Storebrand i tillegg til eigne vikarmidlar. Helse og omsorg har ikkje rammer til å vidareføra tiltaket.

#### Rekruttera og behalda arbeidskraft

Rådmannen skreiv i budsjettinnleiinga for 2013 at den økonomiske situasjonen krev at me bryt gamle mønster og tenkjer heilt nytt. I endringsprosessar er godt leiarskap det viktigaste verkemiddelet for å oppnå endring. Rådmannen har difor valt å satsa på eit skreddarsydd leiarutviklingsprogram for å

utvikla ein sterkare leiaridentitet og dyktiggjera dei om lag 80 leiarane i leiarrolla. Programmet har bestått av 5 samlingar med fokus på 5 element i kommunen sin leiarskapsplattform: **bruka tid på leiing – ha resultatfokus – vera konstruktiv – visa endringsvilje - gje tydleg retning.**

For å klara innsparingskrava i einingane, har det vore gjennomført tilsetningsstopp gjennom heile året. Administrative stillingar og fleire leiarstillingar har stått vakante i periodar eller heile året. Så framt det ikkje har vore mogleg å rasjonalisera gjennom strukturelle grep, har ein likevel måttå rekruttera til stillingar i direkte tenesteproduksjon. Innsparingar i helse og omsorg med t.d. flytting av Firkløveren og omplassering av personell som følgje av dette, medførte ikkje oppseiningar, men fleire tilsette vart omplasserte. Administrasjonen har eit godt samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar i slike prosessar.

Gjennom fellesutlysing av stillingar i ulike yrkesgrupper har kommunen eit mål om å rekruttera fleire familiar til Kvam og kunne tilby par/foreldre jobbmogleigheter. Det har vore god respons på dette tiltaket, men kommunen opplever likevel ein meir utfordrande rekrutteringssituasjon når det gjeld ingeniørstillingar enn tidlegare.

Kvalifisering av vaksne ufaglærte til fagutdanning innan helsefaget held fram. Kvam herad mottok kr 363 000 frå Fylkesmannen etter søknad gjennom «Kompetanseløftet 2015», der kr 50 000 var øyremerka dette formålet. For å sikra framtidig rekruttering har kommunen eit mål om å tilby lærepass til flest mogleg av dei som søker lærepass i helsearbeidarfaget. Ved utløp av 2013 hadde kommunen 9 lærlingar og totalt 21 tilsette som er gang med kvalifisering til helsearbeidarfaget. Kvam herad har også 8 lærlingar i barne og ungdomsarbeid.

Grensa for fritak frå legevaktarbeid for legar over 55 år vart reversert i 2013, slik at fritaksgrensa igjen er 60 år. Rekruttering av legar til legevaktarbeid er betra som følgje av dette i tillegg til nyrekruttering av yngre legar.

## Pensjon

Pensjonsordninga var på anbod i 2013 då vår leverandør Storebrand gav tilbakemelding om at dei ville trekkja seg ut av marknad for offentleg tenestepensjon. Undervegs i anbodsprosessen, vart det klart at også DNB/Vital trekte seg ut. KLP stod dermed igjen som einaste tilbydar.

Frå 1.1.14 er det inngått avtale med KLP om offentleg tenestepensjon for alle tilsette med unntak av undervisningspersonell, som har lovbestemt pensjonsordning i Statens pensjonskasse. Lovbestemt pensjonsordning for sjukepleiarar er i frå før av teikna i KLP.

Overføring av medlemsdata frå Storebrand til KLP vil etter oppsett plan skje i første halvdel av 2014.

## Helse, miljø og tryggleik

Kvam herad har avtale med Grend bedriftshelseteneste om bedriftshelseteneste for alle tilsette. Aktiviteten i 2013 har vore på totalt 192 timer av ei ramme på 307 timer. Årsrapport frå Grend BHT føreligg ikkje på årsmeldingstidspunktet, men månadlege aktivitetsoversikter viser at det har vore gjennomført inneklimaundersøkingar, arbeidshelseundersøkingar for nattevaktpersonalet, vaksinering av definerte yrkesgrupper, bistand i sjukefråværsoppfølging, arbeidsplassvurderinger og ergonomisk rådgjeving. Bedriftshelsetenesta skal ut på anbod på nytt i 2014.

## Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering

Kvam herad er medviten ansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelighetslova. Dette skjer i arbeidet med bl.a. rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling og andre utviklingsmogleigheter og ved å vernar arbeidstakrar mot trakassering, samt tilrettelegging og utforming av arbeidsplassar.

Leiarar innanfor dei enkelte ansvarsområda i Kvam herad arbeider for å førebyggja og hindra at det skjer direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelighetslova.

Kvam herad er ein kvinnedominert arbeidsplass der over 90% av dei tilsette er kvinner. Gjennom rekruttingsprosessar vert det arbeidd for å oppnå ein betre balanse mellom kjønna bl.a. ved oppmoda menn til å søkja stillingar i omsorgstenestene og oppveksteininga. Løn vert fastsett på same måte for kvinner og menn, utan omsyn til kjønn. Kvam herad nyttar Grend bedrifthalseteneste i arbeidet med tilrettelegging og tilpassing av arbeidsplassar for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne.

## **Etikk**

Kvam herad starta hausten 2013 opp arbeidet med å revidera dei etiske retningslinjene for tilsette i kommunen. Noverande retningslinjer er frå 2008 (HST-24/08, arkivsak 08/375-6). Retningslinjene er felles for folkevalde og tilsette. Dei nye reviderte retningslinjene vert for tilsette, innleigde konsulentar og andre samarbeidspartnarar knytt til organisasjonen Kvam herad. Dette er gjort fordi dei tilsette står ovanfor andre utfordringar enn folkevalde.

Dei folkevalde vert presenterte for dei etiske retningslinjene i samband med politikaropplæringa etter kommunevala. Etter at nye etiske retningslinjer er vedtekne av administrasjonsutsalet i 2014, startar arbeidet med å revidera retningslinjene for folkevalde. Inntil vidare gjeld dei som er vedtekne i HST-24/08 som del av reglementet for politiske organ.

Det er ikkje gjennomført spesifikk dilemmatrening, kurs eller seminar i løpet av 2013, men det er felles element i grunnlaget for etiske retningslinjer og grunnlaget for «Leiar- og medarbeidarskap i Kvam», som har vore tema i leiarutviklingsprogrammet i 2013.

Pleie og omsorg har delteke i satsing «Etisk kompetanseheving» frå 2012. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Helsedirektoratet, arbeidstakarorganisasjonane innan helse og omsorg, og KS.

I utviklingssamtalar som leiarar gjennomfører med tilsette, ligg «Leiar- og medarbeiderskap i Kvam» til grunn, men etiske utfordringar er førebels ikkje teke opp som spesifikke tema i samtala. I samband med at nye etiske retningslinjer skal vedtakast, vil det òg verta utarbeidd ein tiltaksplan for korleis tilsette skal arbeida med etiske reglar og dilemma i organisasjonen.



## **2.3 Internkontroll og tilsyn**

Heradsstyret har vedteke plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 (HST-120/12), men delegert til kontrollutvalet å gjera endringar og omprioriteringar, samt å definera og avgrensa konkrete prosjekt innan for dei utvalde områda i planen. Kvam herad sin revisor, Deloitte, gjennomfører revisjonen.

I 2013 er det gjennomført forvaltningsrevisjon av Barnevernet (KU-28/12). Revisjonen vart gjennomgått i heradsstyret 17.12.13 (HST-096/13). Revisjonen vart gjennomført som stikkprøvar frå 16 av 123 aktive saker. Det er 15 tiltakspunkt som rådmannen skal laga ein handlingsplan innan 2. møtebolk i 2014 for korleis tiltaka skal følgjast opp. Saka skal handsamast i HST-møte 8.4.14.

Punkta går i hovudsak på dokumentasjon av rutine og vurdera nye/endra rutine, eit arbeid som allereie er starta opp i samband med utvikling av Kvam familie- og læringssenter. Neste forvaltningsrevisjon gjeld tilpassa opplæring og spesialundervisning som kontrollutvalet tinga 21.10.13 (KU-26/13). Revisjonen starta opp i slutten av 2013.

Fylkesmannen i Hordaland gjennomfører og tilsyn med kommunen sine ulike tenester. I 2012 vart det m.a. gjennomført tilsyn hjå NAV Kvam – lov om sosiale tenester. NAV Kvam har arbeidd med oppfølging av dette tilsynet (innsynssak 08/825), og justert internkontrollen pr. mai 2013. I 2013 har fylkesmannen òg hatt tilsyn med beredskapen til kommunen (sjå eigen omtale), oppfølging av fosterheimsarbeid og vaksenopplæring. I mai 2013 hadde DSB tilsyn med rutine- og internkontrollsysten for oppfølging av brannvern.

Kvam herad arbeider kontinuerleg med eigen internkontroll i dei ulike einingane, men det er ikkje gjennomført spesifikke prosjekt i løpet av 2013. Arbeidet med vidareutvikling og rutineendringar er utfordrande og ressurskrevjande, og vert pr. i dag gjort i mange ulike system i organisasjonen. Felles system står på ynskjelista. Kommunen har t.d. internkontroll i eigenutvikla kvalitets- og HMS-system, elektronisk personalhandbok, elektronisk sakshandsamsarsystem, og ei lang rekke med papirpermarr og elektroniske permarr med retningsliner og rutinar. I samband med ny kommuneplan arbeider administrasjonen med å systematisera overordna risikostyring og tydeleggjera målstruktur i kommunen.

## **2.4 Arbeid med samfunnstryggleik og beredskap**

Beredskapsplanen vart revidert våren 2013, og kriselerenga hadde i løpet av året fleire møter for å forankra kriseplanen og tydeleggjera rollene. 27. november deltok kriselerenga (KKL) i Øving Hordaland 2013. Dette var ei nyttig øving som viser at KKL fungerer godt i ein krisesituasjon og at innbyggjarane kan føla seg trygge på at KKL arbeider proaktivt og godt i ein eventuell krisesituasjon. Øvinga avdekkja likevel enkelte forbetringspunkt i beredskapsplanen og planen vert oppdatert. Kvam heradsstyre vedtok i desember nødvendige økonomiske fullmakter til rådmannen i krisesituasjonar, gjennom eige budsjettvedtak. Fylkesmannen gjennomførte hausten 2013 tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Kvam herad og konkluderte med to avvik:

1. Kvam herad har ikkje utarbeidd heilskapleg (overordna sektorovergripande) ROS-analyse. Kommunen manglar dermed eitt av dei viktigaste grunnlagsdokumenta for det vidare samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.
2. Kvam herad har ikkje utarbeidd mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.

Det vart i tillegg gjeve to merknadar:

1. Så snart den heilskaplege ROS-analysen er på plass, bør det utarbeidast ein heilt ny kris- og beredskapsplan.
2. Kvam herad bør sikre betre tverrfagleg og tverretatleg deltaking og systematisk kompetanseheving/øving innan det kommunale beredskapsarbeidet.

Arbeidet med å lukka avvika vart sett i gang i desember 2013.

Kvam heradsstyre vedtok i desember akseptkriteria for risiko- og sårbarhetsanalysen for kommuneplanen sin arealdel. Den overordna ROS-analysen skal gjennomførast i 2014. 13. november vart det fyrste møte i Beredskapsrådet til kommunen halde. Beredskapsrådet har brei deltaking frå offentlege etatar, næringsliv og frivillige lag og vil mellom anna bli nytta som eit rådgjevande organ i arbeidet med ROS-analyse og utarbeidning av ny beredskapsplan.

## 2.5 Økonomi


2013 var eit utfordrande år med mange innsparingstiltak for Kvam herad. Då er det ekstra gledeleg at netto driftsresultat vart 6,2 mill.kr betre enn budsjettet, og at kommunen har fått sett av midlar på disposisjonsfond.

Kvam herad fekk eit netto driftsresultat i 2013 på 15,1 mill.kr. Driftsinntektene vart på 699,3 mill.kr, som er 17,5 mill.kr høgare enn budsjettet. Driftsutgifter på 698,4 mill.kr, 19,5 mill.kr meir enn det som låg i budsjettet for 2013. Brutto driftsresultatet vart difor på 1 mill.kr, 2 mill.kr lågare enn budsjettet. Resultatet av finansrekneskapen er eit underskot på 19,6 mill.kr, men 4 mill.kr betre enn forventa.

Størst avvik i høve budsjett, er innafor refusjonsinntekter som avvik med 15 mill.kr. 4,8 mill.kr av desse gjeld refusjonar for ressurskrevjande brukarar, og er eigentleg etterslep frå 2011/2012. Ny «normalnivå» for tenesta auka i 2012 til 8,3 mill.kr. På grunn av etterslepet er summen på 13,2 mill.kr i 2013. Det vil sei at 4,8 mill.kr av resultatet i 2013 ikkje vert vidareført i 2014.

5,5 mill.kr av avviket gjeld auka sjuke- og fødselsrefusjonar. Normalt medfører auke i refusjonsinntekter auke i lønsutgifter til vikarar, overtid eller liknande, men eit av dei større innsparingstiltaka i 2013 har vore å halda stillingar vakante. Lønsutgiftene er i tillegg 1 mill.kr lågare enn budsjettet.

Om lønsutgiftene er lågare enn budsjettet, er dei sosiale utgiftene 5,8 mill.kr høgare enn budsjettet, og det nest største avviket i 2013. Sjølvे pensjonskostnaden er lågare enn budsjettet (-7,8 mill.kr), men premieavviket (inkl. arb.gj.avg.)<sup>1</sup> desto større (15,5 mill.kr). Sidan 2008 har lønsutgiftene auka med 78 mill.kr, medan dei sosiale utgiftene har auka med 41 mill.kr, det vil sei over 52%. I 2008 utgjorde dei sosiale utgiftene 24% av lønsutgiftene. I 2013 har prosenten auka til 30%.




Då pensjonsordninga vart innført, var tanken at premieavviket kom til å svinga i løpet av åra, men grunnlaget for ordninga har vore for optimistisk og premieavviket har bygd seg opp. Totalt for alle


<sup>1</sup> Kommunen betaler pensjonsPREMIE i løpet av året, men utgiftsfører utrekna pensjonsKOSTNAD i rekneskapet. Skilnaden mellom desse to vert kalla PREMIEAVVIK.

kommunane var premieavviket rekna til 29 milliardar, ein sum som skal utgjortast i kommunerekneskapen i komande år.


For Kvam herad er premieavviket på 78 mill.kr pr. 31.12.13. Avviket har auka med 43 mill.kr sidan 2008, som er ein auke på 120%. Pr. 31.12.13 hadde kommunen 630 mill.kr i midlar og forpliktingar på 893 mill.kr. Sidan 2008 har midlane auka med 213 mill.kr (51%) og forpliktinga med 374 mill.kr (72%):



Samstundes fell andelen pensjonsmidlar i høve pensjonsforpliktingar til 71%:




Diagrammet under viser korleis drifts- og finansinntektene til Kvam herad fordele seg i 2013. Totalt var inntektene på 727 mill.kr mot 703 mill.kr i 2012, ein auke på 3,4 %. Det er små prosentvise endringar i høve 2012. Dei statlege inntektene er redusert med 2 % samla, og kraftinntektene har auka tilsvarende. Egedomsskatten har auka med 1% til 5%, medan overføringer med krav til mottaking er redusert med 1%.




Fordeling av brutto driftsutgifter er vist i kakediagrammet nedanfor.


Prioritering av kva tenester Kvam herad skal bruka midlane sine til, er viktige politiske tema. I Kvam set heradsstyret difor budsjetttrammene tilsvarende netto driftsutgifter til dei ulike KOSTRA-tema (KOSTRA-tema=rammeområde). Vesentlege avvik i høve budsjettet vert difor gjennomgått i detalj under kapittelet: «Oversyn over tenestene».



Tenester innan pleie- og omsorg og grunnskule er dei to største «produktene» til kommunen, og utgjer til saman nesten 50%. Alle dei andre KOSTRA-områda utgjer under 10% av brutto driftsutgifter. Dei to største tenestene til kommunen, er igjen basert på personalressurs som den vesentlege innsatsfaktoren. Løn og sosiale utgifter utgjer 68%. Fordelinga mellom utgiftene har berre endra seg med opptil 1% i høve 2012.



Ei av Kvam herad sine største utfordringar er høg lånegjeld etter store investeringar dei siste om lag 15 åra. I hovudsak har kommune investert i bygg og VAR-anlegg. Investeringar i bygg omfattar ombygging av sjukeheimar, nybygg av omsorgsbustader, ombygging og utviding av skulebygg og idrettsanlegg. Nokre av desse investeringane har vorte støtta av staten med rente- og/eller avdragstilskot, men pr. 31.12.13 hadde kommunen ei lånegjeld på 859 mill.kr. 59 mill.kr av desse er startlån frå Husbanken som kommunen vidareformidlar til privatpersonar. I fjor utgjorde startlåna 42 mill.kr. Anna lånegjeld auka med 137 mill.kr frå 663 mill.kr pr. 31.12.12. Av låneopptaket er 103 mill.kr ikkje brukt, då fleire av investeringsprosjekta som var planlagt starta opp/gjennomført i 2013 er forskyvd i tid. Dette gjeld særleg barnehage- og skuleprosjekt. Kvam herad gjennomfører som regel låneopptak i starten av året, før evt. forskyving i tid for investeringsprosjekt er kjende. Ubrukte lånemidlar vert plassert i obligasjonar, som kommunen har fått høgare avkastning på enn det kommunen har betalt i lånerenta.



### 3 Oversyn over tenestene

Tabellen under viser korleis drifta fordeler seg på KOSTRA-tema<sup>2</sup> bygd opp etter dei tenestene som er vedtekne brukt i Kvam herad.

Hovudoversikt drift 2013. Fordelt på Kostra-tema					
Tema (i 1000 kr)	Rekneskap 2013		Budsjett 2013		Avvik 2013
	Brt. utg. 2013	Netto utg 2013	Brt. utg. 2013	Netto utg 2013	
Politisk verksemd	4 059	3 826	4 959	4 599	-772
Adm. og fellesutgifter	50 234	39 493	32 982	23 932	15 561
Barnehagar	74 342	60 612	72 972	60 089	523
Grunnskule	166 450	138 884	175 573	148 489	-9 605
Kommunehelse	32 632	23 954	35 534	28 553	-4 599
Pleie- og omsorgstenesta	215 631	170 985	211 234	178 378	-7 393
Sosialteneste og NAV	28 217	26 150	26 615	25 006	1 144
Barnevern	17 695	16 377	20 294	19 544	-3 166
Bustader	17 677	-669	14 375	-3 230	2 561
Plan	11 409	7 076	13 096	7 388	-312
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	31 723	-11 413	30 797	-13 571	2 157
Brann og ulykkesvern	9 420	7 653	7 895	6 473	1 181
Samferdsle og grøntanlegg	17 673	12 608	19 065	14 843	-2 234
Vatn avløp og renovasjon/avfall	40 246	-3 130	57 137	-3 617	487
Kultur	17 996	12 570	17 036	12 772	-202
Kyrkje	5 001	5 000	5 047	5 024	-24
Skatt og rammertilskot	0	-504 977	0	-503 874	-1 103
Finans	57 022	28 707	57 986	18 594	10 113
Løn til fordeling	0	0	20	20	-20
Motpost avskrivingar	0	-33 709	0	-29 412	-4 297
<b>Sum</b>	<b>797 428</b>	<b>0</b>	<b>802 616</b>	<b>0</b>	<b>-0</b>

Kvam herad nyttar netto utgift som vedteke budsjett for kvart KOSTRA-tema. Tabellen viser i tillegg til rekneskapstala, justert budsjett 2013 (inkluderer alle justeringar fram til og med tredje tertial). Kolonne for avvik viser avvik mellom rekneskap og justert budsjett 2013.

På dei neste sidene er rekneskapstala til kvar teneste kommentert. Vidare er det laga tabellar som viser meir detaljert informasjon om kva tenester/funksjonar som hører til dei ulike rammeområda.

#### Andre opplysningar:

Alle sosiale utgifter er tekne ut av tabellane på kvart rammeområde. Endringar i lønsutgifter medfører oftast direkte endringar i sosiale kostnader. Men endringane er òg knytt til endringar i nivået på for eksempel pensjon og forsikring, som drifta av det enkelte rammeområde ikkje kan styra, og som påverkar alle rammeområde og difor vert omfattande å kommentera. Dei vesentlege endringane i lønsnivå vert difor kommentert pr. tema, medan sosiale utgifter vert kommentert for seg.

Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjevaravgift, premieavvik av arbeidsgjevaravgift og redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon.

<sup>2</sup> KOSTRA=KOmmuneSTATrapportering. Kommunane skal nyitta lik standard for rekneskap for å gjera det mogeleg å samanlikna kommunar med kvarandre, på for eksempel tema «Grunnskule».

### 3.1 Politisk verksemd

Politisk verksemd											
Funksjon og rammer		Rek 12 (netto)		Rek 13 (netto)		Justert Bud 2013		Opphavleg bud 2013		Forbruk i %	Avvik i kr
100	Politiske styring og kontrollorgan		3 081		2 715		3 370		3 370	81 %	-655
110	Kontroll og revisjon		445		612		650		696	94 %	-37
	Politisk verksemd		3 526		3 327		4 020		4 066	83 %	-692

#### Budsjettavvik

Rekneskapen syner eit midreforbruk på 0,7 mill. kr i høve justert budsjett og 0,2 mill. kr mindre enn i rekneskapsåret 2012.

Mindreforbruket skuldast at det vart arrangert færre politiske møter i 2013 bl.a. på grunn av stortingsvalet og innsparingstiltak. I tillegg vart budsjettkonferansen halden i Kvam, og det vart ikkje gjennomført kursdagar.

#### Resultat 2013

- Møteaktivitet og tal saker i 2013 er redusert i forhold til 2012. Det er vanleg at aktiviteten går ned 2 år etter kommunevalet, men så låg aktivitet som i 2013 er ikkje registrert tidlegare i den tida vi har ført statistikk, dvs. frå og med 2001.

#### Aktivitet i politiske organ 2009 – 2013

	2009	2009	2010	2010	2011	2011	2012	2012	2013	2013
Organ	Møte	Saker								
<b>Heradsstyre</b>	10	126	9	131	11	163	10	144	7	102
<b>Formannsk.</b>	12	60	10	66	13	80	9	70	8	67
<b>NPB</b>	12	127	11	161	10	128	10	136	9	91
<b>Teneste</b>	8	25	8	25	7	22	8	31	5	22
<b>Eldreråd</b>	10	39	8	37	7	29	8	43	5	18
<b>RFMNF</b>	6		7	16	3	4	7	26	4	13
<b>Adm.utval</b>	0	0	0	0	1	2	0	0	0	0
<b>AMU</b>	4	14	4	12	1	3	2	7	3	8
<b>Klagen.</b>	2	6	0	0	2	4	0	0	0	0
<b>Tema-H</b>	2	0	1		2	0	3		0	0
<b>Samla</b>	<b>66</b>	<b>397</b>	<b>58</b>	<b>448</b>	<b>57</b>	<b>435</b>	<b>57</b>	<b>457</b>	<b>41</b>	<b>321</b>

- Heradsstyret hadde 7 ordinære møte, det vart meldt 2 spørsmål og 4 interpellasjoner frå representantane. Det har ikkje vore temamøte i 2013
- Heradsstyresalen vart pussa opp hausten 2013, og er no ein moderne, funksjonell og godt utstyrt møtesal.

## 3.2 Administrasjon, styring og fellesutgifter

Funksjon og rammer	Adm. og fellesutgifter					
	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
120 Administrasjon	22 929	25 018	25 129	25 379	100 %	-111
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	1 854	1 916	2 527	2 328	76 %	-611
130 Administrasjonslokale	1 060	2 008	1 254	1 211	160 %	754
170 Premieavvik	-1	-1	0	0	#DIV/0!	-1
180 Diverse fellesutgifter	390	313	296	302	106 %	17
190 Interne serviceeininger	-500	-485	-702	-627	69 %	216
Adm. og fellesutgifter	25 733	28 769	28 504	28 593	101 %	265

### Budsjettavvik

Premieavvik og andre sosiale kostnader vert handsama i eigen tabell.

Rekneskapen syner eit overforbruk på 0,3 mill. kr i høve justert budsjett. Mindreforbruket under forvaltningsutgifter eigedom skuldast at løn til prosjektleiar for skuleprosjekta vart budsjettet inn i drift, medan reelle lønskostnader vart på investeringsprosjektet. Utgiftene på administrasjonslokale gjeld underbudsjettet reinhald. I tillegg er det kjøpt nytt brannvarslingsanlegg til rådhuset

Interne serviceeininger vart ved årets slutt fordelt ut på rammeområda etter reelle utgifter, i 2013 vart det fordelt mindre pga. at budsjettet bruk av sjukevikar og avskrivingar ikkje vart gjennomført.

### Om tema

Under tema «Administrasjon, styring og fellesutgifter» er det meste av leiargruppa i kommunen og Stabseininga samla. I Stabseininga finn ein tenester som informasjon, post, arkiv, resepsjon, politisk sekretariat, løn og personal, rekneskap, fakturering, eigedomsskatt, skatt, innkrevjing, IT, innkjøp, forvaltning bygg og eigedom, juridisk rådgjeving, kantinedrift, overformynderi, verneombod og hovudtillitsvald. I tillegg ligg kommunen sine utgifter til politi og rettspleie, forsikring, AFP og felleskontingentar, og lønsjusteringspotten til kommunen. Det er såleis eit innholdsrikt KOSTRA-tema, med mange ulike funksjonar.

### Resultat 2013

- Etter at nytt organisasjonskart vart gjeldande ved inngangen av 2013, har dette året vore brukt til å utvikla leiarane i den nye organisasjonen. Den viktigaste satsinga har vore det eigenutvikla leiarprogrammet.
- Difi.no sine vurderingar av offentlege nettsider i 2013 gav framleis ★★★★★★★★ for [www.kvam.no](http://www.kvam.no). Når det gjeld kriteria for tilgjengeleghet og nyttig innhold ligg vi langt over snittet, men «brukartilpassing» (dvs. tekniske krav) dreg oss ned. God skore på brukartilpassing krev nok nye portalløysingar.
- I 2013 tok vi bruk digitale søknadsskjema for ferieklubben, utvida skjenketid og skjenkeareal. Målet om minst ei ny digital teneste pr. år er oppfylt dette året òg.
- Bruk av kommunen sin informasjon på nett er framleis stigande. Hendingar som ras i Tokagelelet, er med å auka aktiviteten på sidene, men i slutten av 2013 gjekk vi diverre inn i ein ustabil periode med mykje nedetid som dreg i motsett retning.

Unike "vitjingar" pr. døgn innom dei ulike portalane er:

Portal	2010	2011	2012	2013
<a href="http://www.kvam.no">www.kvam.no</a>	870	965	1003	1053
Politikarnett	26	17	24	20
Lagsportalen	92	103	126	134

- Kvam herad har hatt eigen konto på «Facebook» sidan desember 2010, men det var først i 2013 vi tok han aktivt i bruk som informasjonskanal. Ved raset i Tokagjelet hausten 2013, vart det t.d. dagleg lagt ut informasjon på Facebook og [www.kvam.no](http://www.kvam.no)
- I 2012 starta rådmannen eigen blogg og hadde 6 innlegg, medan aktiviteten er redusert til 1 i 2013 og ingen nye bloggar knytt til Kvam herad er etablert. Bloggen hadde 7.316 besøk i 2012. I 2013 var besøkstalet redusert til 3.214.
- Det har ikkje skjedd vesentlege endringar innan arkivtenesta i 2013. Dokumentmengd speglar aktiviteten i lokalsamfunnet, spesielt gjeld det byggjeaktivitet og politisk aktivitet. Vi har difor registrert noko færre dokument i 2013 enn dei seinare åra.
- I 2013 handsama vi 95 registrerte krav om innsyn, av desse enda 2 som klage vidaresendt til fylkesmannen.
- Overformynderiet sitt ansvarsområde vart overført til fylkesmannen frå 1.juli 2013. Alt arkivmateriell frå før den dato er Kvam herad sin «eigedom», materialet er rydda og katalogisert, og aktive saker vart overført fylkesmannen innan dei fristar som var sett.  
Kvam herad har hatt dyktige personar i overformynderiet, og arbeidet med overføring til fylkesmannen har gått svært bra. Håpet er at hjelpeverja og brukarane får like god oppfølging hos fylkesmannen som dei har fått frå det lokale overformynderiet.
- IT-avdelinga administrerer om lag 80 lokasjonar i heradet, Jondal kommune, deler av Kvam Kraftverk sine servere og løysingar, samt samarbeid med Kvinnherad kommune på drift av IST Extens.
- For 2013 har kommunen ca. 200 servere som dekker våre behov med 32 TB data der 85 % er fullt opp i bruk.
- Kommunen har løysingar til dei fleste IT-områda i eiga verksemd og i Jondal kommune innanfor tele og data.
- Maskinparken til kommunen er einingane sitt ansvar og men IT-avdelinga gjennomfører kjøp, drift og vedlikehald. Maskinparken er aldrande, noko som går utover driftssituasjonen og tidsbruken til brukarane. Oppvekst har sett i gang oppdatering av maskinparken sin i 2013, og kjøpt inn 50 nye maskiner til elever og leasa nye lærarmaskiner. Framleis manglar ein elevressursar, men satsinga er vidareført i 2014.
- Satsingsområde i 2013 var:
  - Nytt lagringsområde med meir kapasitet.
  - Byta ut trådlause nettverk til høgare kapasitet på ein del lokasjonar.
  - Utvikla nye Citrix-serverar (ikkje teke i bruk fullt ut endå)
  - Lync- og telefonioppgraderingar.
  - Programvareoppgradering for MS Office og nettverkservere
  - Oppsett av SystemCenter (styringssystem for PC-ar).
  - IPS – system for overvåking og kontroll av nettdata for å hindre hacking.
- Kvam herad kjøpte inn varer og tenester i 2013 for over 300 mill.kr. Kommunen deltek i fleire innkjøpsavtalar, deriblant Bergensavtalen der Bergen kommune er leiande.
- Kvam herad sender ut ca. 30.000 faktura pr. år, og arbeider med å få flest mogeleg over på E-faktura/AvtaleGiro som betalingsform.
- Skatteinnkrevjinga ligg over 98% og på 100% for dei fleste skatte- og arbeidsgjevarkrava.
- I 2013 vart det gjennomført 23 arbeidsgjevarkontollar. Minstekravet var 17<sup>3</sup> av 337 arbeidsgjevarar. Kontollarbeidet vart kjøpt av Kemneren i Bergen v/Hordaland Kommunale Reknesakskontroll i tillegg til dei som vert gjennomført i eigen regi.

<sup>3</sup> Målet er at 5% av arbeidsgjevarane skal kontrollerast i løpet av eit år

### 3.3 Barnehagar

Barnehagar							
Funksjon og rammer		Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
201	Førskule	36 172	36 696	36 880	36 875	100 %	-184
211	Styrka tilbod til førskuleborn	3 215	4 240	4 399	4 493	96 %	-159
221	Førskulelokale og skyss	3 224	3 634	3 485	3 527	104 %	148
Barnehagar		42 611	44 569	44 765	44 895	100 %	-195

#### Budsjettautvikling

Funksjon 201- førskule har i 2013 eit mindreforbruk på 0,2 mill.kr. Dette kjem i hovudsak av auka brukarbetaling på 0,2 mill.kr og 0,4 mill.kr auke i øyremerka midlar frå staten til kompetanseheving i barnehage. På den andre sida er det auka lønsutgifter, og tilskotet til private barnehagar vart 0,2 mill.kr meir enn budsjettet.

Funksjon 211- styrka tilbod førskule har eit mindreforbruk på 0,2 mill.kr som fylgje av lågare lønsutgifter.

Funksjon 221- førskulelokale og skyss har eit meirforbruk på 0,1 som fylgje av auka elektrisitetskostnadene.

#### Om tema

- Kvam herad har barnehagar i Ålvik, på Fykse, 2 i Øystese, 2 i Norheimsund, i Tørvikbygd, Strandebarm og på Oma.
- Kommunen tilbyr berre 50 og 100% plass

#### Resultat 2013

- Stadig fleire ynskjer plass i barnehage. Barna er yngre når dei startar, og stadig fleire utvidar frå deltids- til fulltidsplass. Bare 6,9% av borna har mindre enn 60% plass i barnehage mot 12,2 i 2012. Fom 01.08.13 vart det innført 50% og 100% plassar i dei kommunale barnehagane dette kan forklara noko av nedgangen i deltidsplassar.
- Det er 19 nye born på venteliste som ynskjer barnehageplass før 01.08.14. Desse borna har ikkje lovfesta rett til barnehageplass før 01.08.2014.
- Talet på minoritetsspråklege barn aukar. Det er i 2012 46 born, 12 fleire enn i 2012.
- Dei tilsette opplever at arbeidstiden er i endring grunna lengre opningstid, redusert grunnbemannning og oppfølging av enkeltbarn.
- Heradet manglar framleis førskulelærarar men behovet er mindre enn for nokre år sidan. I 2013 vart 4,4 årsverk drivne på dispensasjon i høve kravet om førskulelærarutdanning for å fungera som pedagogisk leiar, dette er ein nedgang på 2,8 årsverk frå 2012. På 2 år er talet årsverk drivne på dispensasjon redusert med 4,5 årsverk. Dei fleste som har dispensasjon har det i ein liten del av stillinga for å dekke opp for omsorgspermisjonar og liknande.
- Elles er det store behov for å upgradera fleire av barnehagebygga i Kvam, og det er behov for nytt utstyr/leiker og liknande.
- Alle barn med lovfesta rett og som har søkt om barnehageplass, har fått tilbod om plass i barnehage.
- Totalt 419 barn hadde barnehageplass per 15.12.2013, 14 færre enn året før.
- Alle barnehagane har ope fem dagar i veka, men noko ulik opningstid. Sandven FUS barnehage har ope heile sommaren medan dei kommunale barnehagane har stengt fire veker i juli.
- Fleire barn i barnehage treng tilrettelagt hjelp for å få tilfredstilande utbytte av barnehagetilbodet og ønska utvikling. Dette kan vera barn med store sansetap, funksjonshemminger, utviklingsvanskjar mm
- Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn utan kjennskap til norsk språk kan ha bruk for ekstra ressursar i oppstarten. Dette er det ikkje automatisk i Kvam, men eit pedagogisk fagteam

jobbar systemretta inn mot alle fleirspråklege born i alle barnehagar i kommunen. Hausten 2013 starta PPT og Pedagogisk fagteam nettverk for tilsette som jobbar med fleirspråklege born.

- Systemretta arbeid og kompetanseheving. Pedagogisk Fagteam/PPT starta 3 nettverk:
  - tilsette i barnehagane med ansvar for 5-åringar
  - tilsette som arbeider med 5-åringar/året før skulestart «(123, - eg er med!»
  - nettverk for tilsette som arbeider med dei yngste borna.
- Heradstyret vedtok ny barnehagestruktur i juni 2013.

## 3.4 Grunnskule

Grunnskule						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013		Avvik i kr
202 <b>Grunnskule</b>	79 757	79 960	83 380	83 782	96 %	-3 420
213 <b>Vaksenopplæring</b>	3 183	3 655	3 396	3 450	108 %	259
214 <b>Spesialskular</b>	0	0	0	0	#DIV/0!	0
215 <b>Skulefritidstilbod</b>	1 381	1 606	1 724	1 804	93 %	-118
222 <b>Skulelokaler</b>	11 083	8 826	10 299	10 566	86 %	-1 473
223 <b>Skuleskyss</b>	2 855	3 121	3 250	3 250	96 %	-129
383 <b>Musikk- og kulturskular</b>	3 514	3 377	3 570	3 527	95 %	-193
<b>Grunnskule</b>	<b>101 773</b>	<b>100 545</b>	<b>105 619</b>	<b>106 379</b>	<b>95 %</b>	<b>-5 074</b>

### Budsjettavvik

Temaet grunnskule hadde i 2013 eit mindreforbruk på 5 mill.kr.

Funksjon 202- grunnskule har lågare lønsutgifter enn budsjettert (0,5). Utgifter knytt til gjesteelevar er redusert med kr 0,7 mill.kr. Samtidig har grunnskule motteke meir øyremerka midlar (0,7) og sjukelønsrefusjonar (1,2).

Vaksenopplæringa har i 2013 eit overforbruk på 0,3 mill.kr grunna reduserte øyremerka midlar frå staten.

Brukarteralinga til SFO har auka med 0,1 mill.kr.

Mindreforbruket på 1,5 mill. kr på skulelokale er knytt til reinhald og forbruket må sjåast i samanheng med dei andre einingane i kommunen.

Utgifter til persontransport vart 0,1 mill.kr lågare enn budsjettert.

Musikk –og kulturskulen har høgare lønsrefusjonar enn budsjettert.

### Om tema:

- Opplæringslova med forskrifter styrer mykje av aktiviteten i eining for skule. Stadige lovendringar har ført til auka aktivitet i grunnskulen nesten kvart år. Her kan nemnast leksehjelp og timer til tidleg innsats for elevane i 1. –4. klasse., innføring av valfag på 8 trinnet, 1t gratis kulturskuletilbod for barn i 1-4 kl.
- Hausten 2012 var det 1019 elevar i grunnskulen i Kvam. Rundt 75 av desse elevane er minoritetsspråklege, dvs. at dei har rett på særskild norskopplæring og i nokre høve også tospråkleg fagopplæring.
- Kvam herad er med i statleg satsing på utviklingsarbeid i skulen knytt til vurdering for læring.
- PPT og skuleeigar starta i 2013 eit nettverk for lærarar som underviser fleirspråklege elevar, målsetjinga er kompetanseheving og felles system på opplæringa for denne gruppa elevar i Kvam.
- Hausten 2013 flytta PPT ei fagstilling over i skulane til systematisk bruk innan TIDLEG INNSATS (jmfr. Heradstyrevedtak 18/12-12).
- Det er fleire elevar i Kvam som har omfattande hjelpebehov som krev avvik frå læreplan og spesialundervisning, der kommunen set inn store ressursar for å gje den einskilde tilfredstillande utbytte av opplæringa.
- Omstillingsprosess 2013-2015. Kvam har ei stor gruppe elevar med lese-skrivevanskars eller andre vanskar som gjer skullearbeidet for eleven vanskeleg. Desse elevane har til no fått spesialundervisning, men i november 2013 starta ein felles prosess mellom skuleeigar, skuleleiarar og PPT der målet var omlegging av spesialundervisning og tilpassa opplæring gjennom å byggja opp eit fleksibelt spesialpedagogisk støttesystem i alle skulane. Dette er eit omfattande endringsarbeid som byggjer på nyare skuforskning og som skal sikra at fleire elevar får den hjelpa dei trening innan ordinær opplæring med tilpassing.

- PPT er ei lovpålagt teneste som har ansvar for å utarbeida sakkunnig vurdering i tråd med Opplæringslova § 5.1. PP-tenesta skal også hjelpe barnehage og skule i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.
- Kommunelogoped: Kvam herad har 30% stilling som behandlende logoped for vaksne brukarar med språk/tale/stemmevanskar. Tilvisingsgrunnar i 2013; afasi, progredierande sjukdomar (ALS, Parkinson, Huntington) og stemmevanskar.  
Tenesta er organisert under PPT-leiar, og er heimla i opplæringslova, knytt til forvaltningslova og folketrygdlova. Kommunelogopeden får tilvist vaksne brukarar direkte frå sjukehus/lege/logoped i spesialisthelsetenesta eller frå lokale hjelpetenester.  
Brukarane får i hovudsak tenesta i form av behandling jamleg i ein avgrensa periode. Nokre får langvarig oppfølging. Behandlinga vert i hovudsak gjeven på aldersheimane eller i eigen bustad. Logopeden arbeider tverrfagleg og gjev kompetanseheving kring brukaren i helse og omsorg.

### **Resultat 2013:**

- Hausten 2013 starta prosjektet «Tidleg innsats» der skuleeigar, ppt, leiarar og alle medarbeidarar har felles fokus om elevane si læring og trivsel med fokus på endring. Opplæringa skal bli best mogleg tilrettelagt for den enkelte elev, og dermed redusere behovet for spesialundervisning. Det blir jobba med kompetanseheving slik at lærarane kan gje tidleg hjelp i grunnleggjande ferdigheter innan lesing/språk.  
Hausten 2013 flytta PPT ei fagstilling over i skulane til systematisk bruk innan TIDLEG INNSATS (jmfr. Heradstyrevedtak 18/12-12). Arbeidet har gjeve skulane tidleg hjelp i høve elevar ein er bekymra for, og skulane melder om positiv verknad av omlegginga. Etter at PPT bidrog systematisk med TIDLEG INNSATS på systemnivå på alle skular, har ein fått ei lita nedgang i tilvisingar. Dette var ei av målsetjingane og er ein direkte konsekvens av at PPT arbeider tettare på skulen før born har utvikla for store vanskar.
- Ved utgangen av 2013 var det 239 born 0-16 år som var tilvist PPT. I tillegg er det 44 vaksne brukarar frå Kvam (logopedklientar/vaksenopplæringa) og 31 born frå Jondal.
- 15,4% av elevane i Kvam får spesialundervisning, ein liten nedgang frå året før.
- Talet minoritetsspråkelege er auka med 13.
- I frå 2012 til 2013 er det ein auke frå 161 til 172 elevar som nyttar seg av SFO tilbodet i kommunen.
- Våren 2013 fekk 78 vaksne innvandrarar norskopplæring med samfunnsfag. For hausten 2013 var tala 83 vaksne innvandrarar som fekk norskopplæring. 6,75 årsverk var i 2013 knytt opp mot denne tenesta og undervisninga har føregått både på dag -og kveldstid.
- Frå august 2013 har 10 vaksne etter søknad fått grunnskuleopplæring. (Jmfr. *Opplæringslova § 4 A-1*) 0,35 årsverk har vore knytt til tenesta denne hausten.
- I året 2013 har 28 vaksne fått enkeltvedtak om rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område (Jmfr. *Opplæringslova §§ 4 A-1 og 4 A-2*) Undervisninga har føregått på skulen, på arbeid og/eller i bustaden til eleven. 2,80 årsverk er knytt til tenesta.
- I lag med Hardanger og Voss kompetanseregion har kommunen kjøpt inn eit kvalitetssikringssystem, 1310.no, som skal vera eit hjelpemiddel for skulane og skuleeigar til å ha eit forsvarleg system som sikrar kvaliteten i skulen. Systemet er teke i bruk, og skuleeigar og skulane jobbar med tilpassa systemet til lokale behov.
- Det er stort behov for nytt ikt-utstyr i skulen både til lærarar og elevar. På slutten av 2013 vart det kjøpt inn 50 nye pc-ar og det vil vidare i 2014 bli inngått leasingavtale på elevmaskiner.  
Det er oppretta faste samarbeidsmøte mellom ikt-avdelinga og it-ansvarlege på skulane. Dette sikrar eit tettare samarbeid, felles innsats mot utfordingane og felles innsats for å løysa utfordingane.

- Det vart innført ny leiarmodell i skulane hausten 2012 med avdelingsleiarar på alle skulane. Gjennom skuleåret 12/13 har det vore fokus på skuleleiing og rektor og avdelingsleiarar har hatt jamlege skuleleiarsamlingar.
- Vurdering for læring(VFL) er eit satsingsområde i Kvammaskulen og det har vore jobba målretta med denne satsinga på alle skulane. VFL skal vidareførast og denne satsinga må sjåast i samanheng med det totale utviklingsarbeidet som er i gang på alle skulane i Kvam herad.
- Plan for skuleutvikling er ikkje utarbeid. Leiar for barnehage og skule begynte i jobben i august 2013 og vil i løpet av første halvår 2014 utarbeide plan for skuleutvikling.
- Kulturskulen hadde om lag 150 færre søkjrarar som igjen resulterte i at kutta på budsjettet vart innfridd.  
Kulturskulen har i tillegg til ordinær kulturskuledrift hatt stor suksess med m.a. UKM (ungdommens kulturmönstring) i januar, Fleire fargar (scenisk fleirkulturell produksjon) i juni, samt Bornas verdsdag (multikulturell møteplass) i november.
- Tilsynet som Fylkesmannen starta i nov.2012 vart avslutta i juni 2013.
- I etterkant av tilsynet på Vaksenopplæringa er det utarbeidd kommunale retningslinjer for å sikre at kommunen føl opplæringslova. Retningslinjene er nedfelt i ein plan for kvalitetssikring jmfr krav om forsvarleg system § 13.10 oppl. Planen er godkjent av fylkesmannen. Arbeidet med å implementere retningslinjene er i gang.

### 3.5 Kommunehelse

Funksjon og rammer	Kommunehelse					
	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
232 Førebygging - skule og helsestasjonsteneste	4 090	4 128	5 344	5 367	77 %	-1 216
233 Anna førebyggande helsearbeid	1 754	2 801	3 555	3 962	79 %	-755
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	13 151	12 417	13 455	12 067	92 %	-1 038
Kommunehelse	18 995	19 346	22 355	21 396	87 %	-3 009

#### Budsjettavvik

På funksjon 232 er 0,8 mill.kr knytt til vakante stillinger hjå helsesyster og til førebyggjande psykiatri. 0,3 mill.kr innsparing på vare- og tenestekjøp, samt 0,2 mill.kr høgare sals- og refusjonsinntekter enn budsjettert.

Mindreforbruk i funksjon 233 kjem av vakante stillinger, bl.a. i Utekontakttenesta.

Lønsutgiftene i funksjon 241 er ca. 0,2 mill. kr lågare enn budsjettet og refusjonsinntektene 1,4 mill.kr høgare, medan driftstilskot er 1 mill.kr høgare. Utfordringar med å få tak i legevakt etter at øvre aldersgrensa vart senka til 55 år, gav auka utgifter til legevaka på ca. 1 mill.kr.

#### Om tema

- Helsestasjonstenestene:** Det er fire helsestasjonar i Kvam. 5 helsesøstrer i til saman 4,75 stillinger og ei jordmor i 0,5 stilling utøver tenestene saman med 5 legar i til saman 84 % stilling fordelt på helsestasjon og skulehelseneste.
  - Fysioterapitenesta:** 8 fysioterapeutar med til saman 5,85 driftstilskot er knytt til 5 institutt. Saman med 7 fysioterapeutar som deler på 4,3 fastløna stillinger, gjev dei eit breitt tenestetilbod til kvemmingane i alle aldersgrupper.
  - Kommuneoverlege:** Kvam herad har kommuneoverlege i 100 % stilling.
  - Folkehelse:** Kvam har partnerskapsavtale med Hordaland fylkeskommune om folkehelsearbeid og får årleg tilskot på kr 0,15 mill.kr til drift av arbeidet. Gjennom ny lov om folkehelse har kommunane eit utvida ansvar for folkehelse.
  - Miljøretta helsevern:** Lovheimelen vart frå 01.01.12 flytta frå kommunehelstenestelova til folkehelselova, men kommuneoverlegen er framleis kommunen sitt mynde i hastesaker knytt til miljøretta helsevern.
  - Trygge lokalsamfunn:** Kvam herad har frå 2005 vore godkjent og vart i 2011 regodkjent som trygt lokalsamfunn og er gjennom det del av eit nasjonalt skadeførebyggjande nettverk. Arbeidet i Kvam vert styrt av ei tverrsektoriell gruppe leia av folkehelsekoordinator.
  - Legetenesta:** Kvam herad har 10 fastlegar fordelt på 4 kontor. Strandebarm legekontor er kommunalt drive utekontor, dei andre kontora er privatdrivne. Til eitt av kontora er det knytt turnuskandidat. Inkludert 100 % sjukeheimslege er det inngått avtalar med fastlegane om til saman 243 % stilling med allmennmedisinske offentlege oppgåver.
  - Legevakt:** Kvam har 10-delt lokal legevakt på ettermiddag, kveld og også dagvakt helg og høgtidsdagar. På natt er det interkommunal legevakt på Voss med bakvakt i Kvam. Kvam herad har ansvar for å skaffa lege kvar 6. natt til den interkommunale legevaka på Voss.
  - Kommunepsykolog:** Kvam og Jondal deler kommunepsykolog for barn, unge og familiær. Tenesta vart utvida i 2011 med ei 3-årig prosjektstilling for vaksne (støtta av Helsedirektoratet), organisert i avdeling psykisk helse, og i samarbeid med Jondal. Prosjektet vart avslutta ved inngangen 2013 då psykologen sa seg opp.
  - Sals - og skjenkekонтroll:** Nytt av året er endring av organisering, der avdelinga vert kalla avdeling for alkohol og servering. Avdelinga tek seg av kommunal sakhandsaming av saker gjeldande serveringsløyve og sals- og skjenkeløyve, samt sals- og skjenkekонтroll for nabokommunane som før. Det er 4 tilsette i avdelinga.
- Ellevé kommunar har vore med i interkommunal sals - og skjenkekонтroll som vert

administrert av Kvam. I arbeidet inngår: Kontroll av ordinære sals - og skjenkeløyve, ambulerande løyve/einskildløyve og salsstader.

### **Resultat 2013:**

For mange som har arbeidet sitt i kommunehelse, har aktivitetar knytt til implementering av samhandlingsreforma og nytt lovverk, fullføring av prosjekt lokalmedisinsk senter på Toloheimen, arbeid med tenesteavtalar, samarbeid med føretaket, arbeid med omorganisering av helse – og omsorg og krav om innsparinger, bydd på til dels tidkrevjande og utfordrande oppgåver og prosessar i 2013.

- **Helsestasjonstenestene:** Tenesta er organisert i oppvekst frå 01.08.2013. Tenesta har vore driven med redusert bemanning i 2013 grunna sjukemeldingar og vanskar med rekruttering av vikarar. Berre lovpålagde oppgåver har vorte løyste. Det er etterslep av uløyste oppgåver til 2014. Tilbodet på fire av skulane har vore redusert. Einaste tiltak som er gjennomførde der, er vaksinering. Det har vore stor slitasje på dei tilsette.
- **Fysioterapitenesta:** Tenesta opplever stort press i samband med kortare liggjetid på sjukehusa og større utfordringar lagt til kommunehelsetenesta etter utskriving. Tenesta har dokumentert at det vert jobba 3 årsverk utover stillingane/driftstilskota. Likevel vert serviceerklæringane i periodar **ikkje** oppfylte, og ventetida har auka. Det ser ut til at det er kronikarane som må venta lengst. Heradstyret valde ikkje å prioritera auka bemanning i fysioterapitenesta i 2013.
- **Kommuneoverlege:** Kommuneoverlegen var utleigd i 60 % av stillinga til legevaktprosjektet og allmennlegeprosjektet i regi av Hardangerrådet (prosjekt samhandlingsreforma i Hardanger). Prioriterte oppgåver elles har vore: implementering av samhandlingsreforma og nytt lovverk, fullføring av prosjekt lokalmedisinsk senter, avtalar og samarbeid med føretaket, arbeid med omorganisering av helse – og omsorg og ny avtale om legevakt med legane. Høve til å delta i tverrfaglege prosessar i kommunen har vore redusert i 2013 grunna auka eksternt engasjement.
- **Folkehelse:** Folkehelsekoordinator var leigd ut i 60 % stilling i 2013. Prioriterte oppgåver i 2013 har vore å gjera fagfeltet folkehelse betre kjent både i eigen organisasjon og i heile kommunen, arbeida for å få til eit interkommunalt folkehelsesamarbeid, samarbeid med helseføretaket skadeførebyggande arbeid og samarbeid på tvers i kommunen. Ei viktig oppgåve i 2013 var arbeidet med oversikt over folkehelsa i Kvam. Folkehelsekoordinatoren gjekk ut i permisjon frå 1.9.2013. Det er ikkje sett inn vikar.
- **Miljøretta helsevern:** Grunna kapasitetsproblem har mange av oppgåvene innan denne tenesta vore nedprioriterte i 2013.
- **Trygge lokalsamfunn:** Trygge lokalsamfunn er ein viktig arena for det systematiske arbeidet med å førebyggje skadar og ulukker i Kvam. Arbeidet har vore tona noko ned i 2013 grunna reduserte ressursar til drift.
- **Legetenesta:** I tråd med intensjonane i samhandlingsreforma har Kvam mange legar med relativt små lister. Dette medfører god tilgang på kurative legetenester utan at det medfører ekstrakostnadjar for kommunen. Legane har som tenestene elles merka auka press som følgje av kortare liggjetid på sjukehusa og større utfordringar lagt til kommunehelsetenesta etter utskriving.

- **Legevakt:** Kvam legevakt er ei av 7 vakttårnlegevakter i Noreg. Dette inneber at vi leverer aktivitetsdata til nasjonal statistikk. Sidan 2002 har det vore stabilt på om lag 4500 kontaktar årleg med legevakta. Eit års samdrift av legevaka med Kvam lokalmedisinske senter har vore svært positiv med felles nytte av kvarandre i kvardagen. Grunna endringar i avtalen med legane, vart det brukt fleire vikarlegar ved Kvam legevakt enn tidlegare år i 2013.
- **Kommunepsykolog:** Psykologtenesta er eit lågterskeltilbod for barn og unge som står i fare for å utvikla psykiske helseplager. I tillegg til individretta arbeid, er oppgåva å bidra til utvikling av tverrfaglege samarbeidsmodellar for å gje «rett hjelp til rett tid».
- **Sals - og skjenkekонтroll:** Avdelinga har utført lovpålagde oppgåver med sals- og skjenkekонтroll. I 2013 har det vore utført 691 kontrollar av sals- og skjenkestader, noko som utgjer ein kontrollprosent på 112,91%. I tillegg er det avhalde kurs i alkohollova, og gjennomført kunnskapsprøvar for tilsette ved sals- og skjenkestader i kommunane. I Kvam og Fusa har eininga og helde/delteke på kurs med godkjenning av vakter for tilskipingar på forsamlingshus.  
Avdelinga har også teke på seg arbeidet med å planleggja og organisera stiftinga av ein ny nasjonal organisasjon for kommunalt tilsette som arbeider med alkohol- og serveringslova. Det er planlagt fyrste konferanse på Gardemoen i april 2014.

## 3.6 Pleie- og omsorg

Pleie- og omsorgstenesta						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
234 Aktivisering eldre og funksjonshemma	6 970	6 911	6 677	6 938	104 %	234
253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon	45 709	50 766	51 308	49 293	99 %	-542
254 Pleie, omsorg, hjelp i heimen	61 553	55 806	59 244	61 392	94 %	-3 437
255 Medfinansiering somatiske tjenester	9 010	9 105	9 100	9 100	100 %	5
256 Akutthjelp helse- og omsoprgstenesten	-114	13	0	0	#DIV/0!	13
261 Institusjonslokaler	4 183	4 351	4 245	4 859	103 %	106
Pleie- og omsorgstenesta	127 426	126 939	130 573	131 582	97 %	-3 621

### Budsjettavvik

Meirforbruk i funksjon 234 skuldast høgare lønsutgifter knytt til støttekontaktar på 0,7 mill. kr, mens det vart 0,2 mill.kr høgare salsinntekter enn budsjettet. I tillegg vart det spara 0,3 mill. kr. på vare- og tenestekjøp.

I funksjon 253 er det et meirforbruk på 1,2 mill.kr knytt til driftsavtalar og kommunale driftstilskot, medan salsinntektene vart 1,5 mill.kr høgare enn budsjettet.

I funksjon 254 skuldast avviket på 4,8 mill.kr høgare refusjonsinntekter for utgifter til ressurskrevjande brukarar. Inntekter frå matsal har auka med 0,5 mill.kr og sjukelønsrefusjonane er ca. 2 mill.kr høgare. På den andre sida vart løn til vikar, engasjement, overtid og lærlingar med 3,4 mill.kr. Matsalet auka med 0,5 mill.kr, medan kjøpet auka med 0,4 mill.kr.

Lønsutgiftene for rein- og vedlikehald av institusjonslokale er redusert, medan kjøpsutgiftene er høgare enn budsjett.

### Om tema

Temaet femner om pleie og omsorg, Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling og avdeling psykisk helse.

Pleie- og omsorgstenesta har ansvar for å gi individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie gjennom ulike heimetenester og institusjonsomsorg. Tenesta rettar seg mot personar i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre, personar med psykisk utviklingshemming og personar med psykiske vanskar. Institusjonsomsorg omfattar langtidsopphold og korttidsopphold.

Heimetenesteomsorg omfattar heimehjelp, miljøarbeid, dagtilbod, heimesjukepleie, omsorgslønn, utleige av trygde- og omsorgsbustader og tryggleiks-alarmar .

Tal brukarar registrert i tenesta har vore relativt stabil i 2013, totalt 555 brukarar pr. 31.12.2013.

Pleie og omsorgstenesta yt hjelp til stadig nye og yngre brukargrupper, ofte ressurskrevjande brukarar med behov for koordinerte tiltak.

*Oversikt alderssamsetjing registrerte brukarar pr. 31.12.2013:*

Alder	Menn	Kvinner	Alle
0-17 år	14	10	24
18-67 år	63	94	157
67-80 år	37	47	84
80-89 år	54	129	183
90år og eldre	25	82	107
<b>Totalt</b>	<b>193</b>	<b>362</b>	<b>555</b>

Spesielt etter innføring av Samhandlingsreforma 1. januar 2012, opplever tenesta at dei har fått nye fagleg utfordrande og ressurskrevjande arbeidsoppgåver. Oppgåvene vert opplevd som interessante

og utløyser stor grad av motivasjon og engasjement i fagmiljøet, men dei har også vore kostnadsdrivande. Tidlegare utskriving frå sjukehus har medført at sjukare og meir behandlingskrevjande pasientar kjem til korttidsavdelinga eller direkte tilbake til heimen. Både korttidsavdelinga, langtidsavdelingane, fastlegane, fysioterapeutane og tilsette i heimetenesta opplever dette og rapporterer om auke i arbeidsmengda. Pasientar som kjem frå sjukehus, og som har trong for vidare behandling, må ofte prioriterast framfor andre oppdrag.

Det er utarbeidd plan for fagleg og organisatorisk utvikling av Kvam lokalmedisinske senter (LMS) på Toloheimen. Det lokalmedisinske senteret er å sjå på som ei «overbygning» av desse tenestene: sengepost ( Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling), hjelpemiddellager, legevakt, læring og mestring, friskliv, spesialistpoliklinikk i samarbeid med Helse Berge, ambulansestasjon og andre tverrfaglege kompetansestillingar. Det er mellom anna tilsett kreftkoordinator i 50% stilling. Stillinga er delfinansiert med midlar frå Kreftforeininga og er eit 4-årig prosjekt ( 2012-16). Kreftkoordinator skal koordinere hjelp og tenester til beste for kreftpasienten og pårørande. Kreftkoordinator skal ha oversikt over tilbod og tenester, gje informasjon, råd og rettleiing knytt til diagnose, behandling, rehabilitering, palliasjon og omsorg ved livets slutt.

Helse Bergen oppretta dialysesatellitt i Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling 4. november 2013. Dialysesatellitten har 2 maskiner og har ope 3 dagar i veka. Tilboden vert finansiert av Helse Bergen og har vore svært vellukka så langt både for brukarar og tilsette.

Avdeling psykisk helse yt hjelp og støtte til personar som har psykiske vanskar og som treng oppfølging i kvarldagen. I tillegg til psykiatrisk heimesjukepleie organiserer avdelinga lågterskel dagtilbod på Holmsund for målgruppa personar med psykiske vanskar og rusproblematikk.

I januar 2013 vart ny organisering av eining helse og omsorg iverksett.

Helse- og omsorgssjef er leiar for eininga. Det er oppretta 4 driftsavdelingar og stabsfunksjonar;

1. **Stab og forvaltning** med primærøppgåvene sakshandsaming, merkantile oppgåver som telefonsentral, post/arkiv, IT- brukarstøtte og innkjøp for heile eininga
2. **Pleie og omsorg** med heimetenesteomsorg og institusjonsomsorg
3. **Helse** med kommuneoverlege, legetenesta, legevakt, avdeling psykisk helse og avdeling fysio/ergoterapi
4. **Lokal medisinsk senter** med sengepost ( Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling) og hjelpemiddellager
5. **Nav tenester** med økonomisk sosialhjelp, rusoppfølging og flyktningarbeid

Prosjekt elektronisk meldingsutveksling er innført mellom pleie og omsorgstenesta og fastlegane og mellom kommunen og Helse Bergen. Målet er meir effektiv og kvalitetssikker kommunikasjon både internt i kommunen og mot sjukehuset.

Det er inngått avtale med Helse Bergen om oppstart av ØH- døgntilbod ( 1 seng) i Kvam i samarbeid med Voss kommune på natt. ØH- døgntilbod vert finansiert med midlar frå helsedirektoratet og Helse Bergen. Tiltaket er ikkje starta i 2013 grunna Voss kommune ikkje er klare for oppstart.

## Resultat 2013

Den største utfordringa for tenesta i 2013 har vore å tilpassa drifta i tråd med innsparingskrav for eininga, aktuelt lovverk og sentrale føringer i mellom anna Samhandlingsreforma.

Tal brukarar i pleie og omsorgstenesta har vore relativt stabilt gjennom året. Grunna tidlegare utskriving frå sjukehus og fleire behandlingskrevjande pasientar i heimetenesta opplever dei tilsette ein auke i arbeidsmengda. Den generelle grunnbemanningsa i tenesta er knapp. Tidspresset er stort, og det er vanskar med å hente inn nok vikarar. Det er stort krav til effektivitet og rett prioritering av oppgåver i det daglege.

Kvam rehabilitering- og behandlingsavdeling har også i 2013 opplevd ein auke i tal innleggingar og ei betydeleg auke i arbeidsmengda.

Det har vore mange faglege utfordringar og i periodar eit svært stort arbeidspress . Ny drift i avdelinga set store krav til dei tilsette om å handtere omstilling og endring dagleg. Avdelinga har fått nye administrative oppgåver i samband med ordninga om melding av *tidlegvarsel* og melding om *utskrivingsklare pasientar* frå sjukehus. Vidare har avdelinga hatt ein auke i oppgåver knytt til fleire inn- og utskrivingar enn tidlegare. I periodar har det vore stort press på korttidsplassar. Søknader frå

heimebuande om vurderingsopphald, oppreningsopphald eller avlastningsopphald har vorte nedprioritert til fordel for søkerar frå sjukehus.

Det er svært godt samarbeid mellom heimetenesta og institusjonsomsorga både på korttids- og langtidsavdelingane. Dette er heilt avgjerande for å greie dei nye faglege utfordringane i tenesta.

Dersom Kvam rehabilitering- og behandlingsavdeling skal fungere etter hensikta må mottaksapparatet vera på plass, dvs. at ferdigbehandla pasientar må tildelast anna kommunalt tilbod. Det har vore venteliste både på institusjonsplass og plass i omsorgsbustad og trygdebustad. Innsparingskravet på 4 mill. i 2013 vart gjennomført ved at ledige stillingar, m.a. innan psykisk helse og på Nav har stått ledige det meste av 2013. I tillegg er tal institusjonssenger redusert med 3 i samband med flytting av Firkloveren sjukeheim til Toloheimen og flytting av gruppe 3 aust til Øysteseheimen.

Innsparingane medførte at tenesta ikkje greidde løysa oppgåvane tidsfredsstillande. Ferdigbehandla pasientar i sjukehus vart liggjande i påvente av plass i kommunen og ferdigbehandla pasientar på KRB vart liggjande i påvente av anna kommunalt tilbod, t.d. langtidsplass eller omsorgsbustad.

I samband med 2. tertial vart det innvilga ekstraløyving på 1,5 mill. til drift av inntil 4 2-sengsrom på Kvam rehabiliterings og behandlingsavdelinga. Dette har avhjelpt situasjonen noko, men det er framleis ventelister, spesielt til omsorgsbustad og langtidsplass.

Avdeling psykisk helse har i 2013 hatt ein pressa arbeidssituasjon grunna innsparingskrav og vakant leiarstilling det meste av året. Tenesta har avtale med Jondal kommune om kjøp av heildøgnstilbod.

Det er få klager på tenestetilbodet i helse og omsorg. Ingen klager er vidaresendt til Fylkesmannen i 2013. Avvik meldt dette året er primært knytt til pressa grunnbemanning og bekymring knytt til fagleg uforsvarleg nedbemanning i samband med innsparing.

I 2012 vart ordninga med Medfinansiering ved somatiske innleggningar i sjukehus innført. Det har også i 2013 vore ein auke i medfinansieringa, dvs. fleire innleggningar i sjukehus enn erfaringstal tilsa.

Tenesta har betalt for 103 utskrivingsklare døgn i sjukehus i 2013, mot 22 i 2012.

Det er etablert tenesteavtalar på 12 ulike temaområde mellom helseføretaket og kommunane.

Kvam har fått prosjektmidlar til dagtilbod for demente, desse vert vidareført i 2014.

Prosjekt HMS- turnus i gruppe 3 Øystese er avslutta, sjå årsmelding frå HR- sjef.

Gjennom målretta satsing i fleire år har tenesta relativt god tilgang på fagpersonell, m.a. sjukepleiarar, fysioterapeutar og legar. Utfordringa har vore å skaffe kvalifisert personell i samband med sjukefråvær, permisjonar og ferieavvikling. Pleie og omsorg har nytta vikarar frå vikarbyrå i nokre månader.

8 tilsette har teke fagbrev i helsearbeiderfaget i 2013. 21 er i kvalifiseringsprogram for fagbrev, 9 av desse er lærlingar.

4 tilsette som har teke desentralisert sjukepleiarutdanning over 4 år var ferdig utdanna våren 2013.

4 fysioterapeutar er i gang med vidareutdanning, 2 i barnefysioterapi, 1 i eldreomsorg og 1 i kvardagsrehabilitering. I fagarbeidar tek fagskule i psykisk helsearbeid.

### 3.7 Sosialteneste og NAV

Funksjon og rammer	Sosialteneste og NAV					
	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
242 Rådgjeving, rettleiing og sosialt føreb. arbeid	4 284	5 084	4 804	5 226	106 %	279
243 Tilbod til personar med rusproblem	-26	540	753	770	72 %	-213
273 Kommunale sysselsetjingstiltak	4 500	4 037	4 073	4 163	99 %	-35
275 Introduksjonsordning	5 477	5 109	5 935	5 974	86 %	-826
276 Kvalifiseringsordning	1 946	1 202	2 114	2 114	57 %	-912
281 Økonomisk sosialhjelp	7 992	8 207	4 818	4 818	170 %	3 390
Sosialteneste og NAV	24 173	24 179	22 496	23 064	107 %	1 683

#### Budsjettautvikling

Sosialteneste og NAV har eit netto meirforbruk på 1,7 mill.kr i forhold til budsjetten og ligg på same netto nivå som i 2012.

Meirforbruket i funksjon 242 kjem av bidrag på 0,3 mill.kr til flyktningkoordinator i regi av Hordaland Røde Kors. Det er betalt ut 0,8 mill.kr mindre enn budsjettet i introduksjonsordninga, og 0,9 mill.kr mindre i kvalifiseringsordninga grunna færre deltagarar i programma. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp held seg på eit høgt nivå, med ein oppgang på 0,2 mill.kr i forhold til 2012. Totalt sett 3,4 mill.kr over budsjett, og målet om reduserte utgifter til dette formålet er ikkje nådd i 2013.

#### Om tema

Kommunale oppgåver i Nav kontoret er rusomsorg, flyktningomsorg og økonomisk sosialhjelp.

Dei tilsette har desse oppgåvene:

- Rådgjeving og økonomisk stønad, inkl. kvalifiseringsprogram
- Rusførebyggjande arbeid, særlege tiltak for rusavhengige, både behandling og ettervern, inkl. LAR-oppfølging
- Bu-tilbod til bustadlause
- Individuell samtale og oppfølging
- Gjeldsrådgjeving
- Formidling av husbanktenester
- Busetjing og oppfølging av flyktningar

#### Resultat 2013

Tenesta har gode resultat i årleg brukarundersøking også i 2013.

Brukarane opplever å bli møtt med respekt, interesse og evne til å finne gode løysingar.

Kompetansebygging er likevel fortsatt viktig slik at avdelinga kan yta endå betre hjelpe og informasjon til innbyggjarane

Det har vore reduksjon i tal personar i kvalifiseringsprogram. Dette har ført til at fleire vert registrert som langtidsmottakarar av sosialhjelp.

- |     |   |
|-----|---|
| 222 | personar/familiar mottok sosialhjelp i 2013 (218 i 2012)                                  |
| 9   | personar har delteke i Kvalifiseringsprogram i 2013 (18 i 2012)                           |
| 27  | personar har fått gjeldsrådgjeving i 2013 (24 i 2012)                                     |
| 37  | personar har deltatt i Introduksjonsprogram i 2013 (30 i 2012)                            |
| 22  | personar har fått oppfølging med tiltak og behandling for rusavhengige i 2013 (17 i 2012) |

Kvam herad har vedtak om å busetje 15 flyktningar i året. I 2013 har tenesta busett i alt 37 flyktningar, 22 av desse i samband med familiegjenforening. Dei ulike tenestene er ikkje dimensjonert for denne auken. Det har vore ei utfordring både for barnehage, skule, helse og Nav-kontor å finne gode løysingar i denne situasjonen.

Den største utfordringa Nav har hatt knytt til flyktningarbeidet er å skaffe eigna bustader til dei som kjem. Praksis har vore utelege i kommunale husvære og framleige i private husvære.

Ruskonsulentane har hatt kontakt med om lag 40 personar i 2013, personar med problemstillingar frå alkoholmisbruk til tunge opiat-avhengige.

Rusavhengige treng lang og tett oppfølging. Hjelp til å endra livsstil som fører til rusfri kvardag er ein lang prosess. Tenesta har eit godt samarbeid med 2. linjetenesta når det gjeld rusbehandling og har fleire gode individuelle opplegg lokalt etter behandling i 2. linjetenesta.

Den største utfordringa for tenesta er å finna gode lågterskeltilbod for målgruppa.

Nav-kontoret har også i 2013 motteke statleg tilskot til kampen mot barnefattigdom. Ei tverretatleg gruppe har vurdert og tildelt midlar til ulike tiltak for målgruppa. Aktuelle tiltak har vore språkopplæring, utstyr til skule og kulturskule, støtte til diverse lag og organisasjonar med mål om å gje barn like høve til å delta i aktivitetar.

Nav- kontoret har i 2013 hatt ein krevjande personellsituasjon grunna sjukefråvær og fleire som har slutta i stillingane sine. Grunna innsparingskrav har det ikkje vore sett i vikar i alle ledige stillingar og arbeidspresset på dei tilsette har vore stort. Dei tilsette har prioritert « må- oppgåvene». Dette har medført auka utgifter til sosialhjelp. Oppgåver som ikkje har vorte løyst tilfredstillande er:

- tett individuell oppfølging
- miljøretta arbeid for utsette grupper
- opplæring- og utviklingsarbeid
- tvungen forvaltning og økonomistyring

Det vert arbeidd med prosjekt *Aktivitet for sosialhjelp*. Målet er å hjelpe brukarane ut av passivt tilvære som sosialhjelpsmottakar. I praksis betyr det at det vert knytt krav om arbeidsretta aktivitet for dei som mottek sosialhjelp.

Kbam har framleis utfordringar når det gjeld:

- å skaffa høvelege bustader
- hjelp til å meistra butilhøva
- utvikling av differensierte dagtilbod
- framleis uforholdsmessig mange sosialhjelpsmottakarar
- stønadslengda for sosialhjelpsmottakarar framleis for lang

### 3.8 Barnevern

Barnevern						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
244 Barnevernteneste	4 827	4 169	4 210	4 137	99 %	-40
251 Barneverntiltak i familien	3 301	2 477	3 057	3 405	81 %	-581
252 Barneverntiltak utanfor familien	6 819	7 140	9 228	9 251	77 %	-2 088
<b>Barnevern</b>	<b>14 947</b>	<b>13 786</b>	<b>16 495</b>	<b>16 793</b>	<b>84 %</b>	<b>-2 709</b>

#### Budsjettavvik

Rammeområdet barnevern hadde i 2013 eit mindreforbruk på 2,7 mill.kr.

Dette mindreforbruket kjem av 0,1 mill.kr i reduserte lønsutgifter og reduksjon i bruk av ekstern familieveiledning på 0,4 mill.kr på funksjon 251- barnevernstiltak i familien.

Funksjon 252- barnevernstiltak utanfor familien har eit mindreforbruk på 2 mill.kr grunna færre omsorgsovertakingar enn budsjettet.

#### Om tema:

Talet på barn/ungdom som har tiltak i barneverntenesta har vore stabilt mellom 120 – 140 dei siste åra.

Kvam familiesenter er eit heimebasert tiltak som kan hjelpe familiar når det av ulike årsaker vert vanskeleg for foreldra å gje god nok omsorg. I heile 2013 har senteret hatt ein stilling vakant.

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med barnevernet sitt fosterheimsarbeid, og fann ingen avvik. Kostnadsdrivar i barnvernet er tal barn under omsorg og barn og familiar som motteke frivillige hjelpetiltak både i familien og som frivillig fosterheimspllassering eller institusjonspllassering.

Kommunen har for tida ikkje barnevern-vakt. Politi og legevakt har i liten grad kontakta barnevern leiar i akutte saker som har resultert i utrykking siste året. Saker der barneverntenesta har rykka ut utanfor arbeidstid er etter direkte kontakt frå barn som ber om hjelp.

Barneverntenesta har delteke på KS sine effektiveseringsnettverk «nå vet vi bedre hva vi gjør» og har teke i bruk og systematisert arbeidet med tiltaksplaner i sakshandsaminga for å evaluera om det gis rett hjelp til rett tid. Familiesenteret har delteke på opplæring i metoden Circle of Security som er manualstyrt evidensbasert hjelp til foreldre.

Etter bestilling frå kontrollutvalet gjennomførte Deloitte ein forvaltningsrevisjon av barnevernet våren/hausten 2013. Rapporten konkluderte med 15 punkt til forbetring. Ein del av punkta vart endra i løpet av 2013 som følgje av intern omorganisering i barneverntenesta, og dei andre punkta vil ein jobba vidare med i 2014

#### Resultat 2013:

- I løpet av 2013 har 156 barn/ungdom hatt tiltak, venta på hjelpetiltak eller var påbegynt undersøking, 29 fleire enn året før.
- Det er ein jamm auke i tal barn under omsorg dei siste åra. I 2013 hadde kommunen omsorga for 20 barn, 1 meir enn året før.
- I løpet av heile 2013 mottok barnevernenstenesta 63 nye meldingar, likt med 2012.
- Det er i hovudsak foreldre sjølv som melder flest saker til barnevernet. Meldingar frå politiet har auka.
- Kommunen sendte i løpet av 2013 1 sak til fylkesnemnda med forslag om omsorgsovertaking. Barnevernenstenesta fekk medhald i saka.
- Barnevernenstenesta mottok i 2013 ein klage som var retta til Fylkesmannen.
- Familiesenteret** har jobba med familiar som til saman omfattar 49 barn. Senteret jobbar med mange ulike tema i familiene. Kommunikasjon, åtferd, psykisk helse og rus er tema som familiesenteret jobbar med i hovudsak. I tillegg kjem tema som vold, seksuelle overgrep, bustad/økonomi, veileding til fosterheimar og tilsyn v/samvær

- **Utekontakten** har gått med 50% vakant stilling frå juli 2013.Utekontakten har fast trefftid på ungdomsskulane og vidaregåande skular i kommunen og to vidaregåande skular har takka ja til same tilbodet.
  - Ungdomsbasen har vore ope 27 torsdag 12.30-20.00, (fire torsdagar har det vore ope frå kl.12.30 – kl. 22.00) og har eit gjennomsnittsbesøk på 47,9 ungdomar. Det er høgast (95) besøkstall i haust/vinter halvåret, og i løpet av 2013 har det vore arrangert ulike temakveldar i tillegg til vanleg opningstid.
  - I løpet av 2013 har utekontakten mellom anna drifta jentegrupper i samarbeid med helsestøster, gjennomført det rusførebyggjande programmet «To do or not to do», drive oppsøkjande arbeid i ungdomsmiljøet.
  - Utekontakten har brukt mykje tid på individuell oppfølging/samtalar med ungdom som har behov for ein voksenperson å prate med. I løpet av 2013 dei hatt individuell kontakt med ca. 74 ungdomar.

### 3.9 Bustader

Bustader						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Ophavleg bud 2013	Avvik i kr	
265 Kommunalt disponerte bustader	-8 436	-8 451	-8 615	-8 403	98 %	163
283 Bistand til etabl. av eigen bustad	1 085	406	451	1 201	90 %	-45
310 Tilretteleggjring og opparbeiding av bustadfelt	0	0	0	0	#DIV/0!	0
315 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	-315	1 168	288	301	406 %	880
Bustader	-7 666	-6 878	-7 876	-6 902	87 %	998

#### Budsjettavvik

Funksjon 265 – kommunalt disponerte bustader har 0,3 mill.kr høgare lønsutgifter enn budsjettert, og elektrisitet med 0,4 mill.kr. 0,3 mill.kr i mindreforbruk i husleige, og inntektene har auka med 0,3 mill.kr.

283 – Bistand til etablering av eigen bustad har motteke litt høgare rente på startlån enn budsjettert. 315 – Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak har eit avvik på nesten 1,2 mill.kr i utgifter til nedgraving av høgspentlinja i Sandvenhagen som ikkje var budsjettert, og vel 0,2 mill.kr i auka refusjonsinntekter.

#### Om tema

Bustad omfattar:

- Kvam herad utleigebustader:
  - 21 utleigebustader
  - framleige av 33 husvære til flyktninger
  - 167 trygde- og omsorgsbustader
  - formidlar utleige av 30 privateigde omsorgs- og utleigebustader
- Formidling av Husbanken sine verkemidlar – lån og tilskot
- Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak, som komunegeolog-stillinga

Geodataavdelinga drifta kartinnsynsløysingar med kart, reguleringsplanar, flyfoto, og la grunnlaget for fornying av webinnsyn og implementering av geoinnsyn, winmap matrikkel, winmap landmåling og analysemodular for revisjon av kommuneplanen. Avdelinga gjennomførte kurs i winmap landmåling.

Geodataavdelinga forvaltar digitale kart, og har ajourført AR5 kartet (arealressurskart) og planbasen. Gamle reguleringsplanar er under digitalisering med tanke på å erstatte scanna plankart, og arbeidet vert gjennomført i samarbeid med avdeling for samfunn og utvikling. Vann og avløpskart vert ajourført kontinuerleg i nært samarbeid med VA-avdelinga.

Interkommunalt skredsamarbeid mellom 8 kommunar pågår i sitt andre av tre avtalte år.

Skredsamarbeidet mottok 100 000 kr i tilskot frå Fylkesmannen (skjønsmidlar), og rekneskapen for 2013 ligg innafor vedtatt budsjett. I Kvam har komunegeologen jobba mykje med radon målinger i tillegg til rådgiving i plan og byggjesaker, uromeldingar, skredhendingar, m.m. Arbeidet har vore fokusert rundt oppfølging av bestillingar frå samarbeidande kommunar, nettverksarbeid, opplæring, m.m.

*Lønsutgiftene til reinhald og FDV er fordelt på alle KOSTRA-tema, men det er vanskeleg å budsjettera akkurat kor mykje tid og ressursar dei kjem til å bruka på det enkelte tema i løpet av året, men totalt er summen i utgangspunktet den same.*

#### Resultat 2013

- Kvam herad har ei utfordring med å skaffa gode og rimelege bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden, eller bustader til dei med nedsett funksjonsevne. Alle bustadane er

utleigde stort sett heile året, og det er til tider ventetid på å få tildelt bustad. Kommunen har særskilt utfordringar med å få busett flyktingar, blant anna på grunn av at familiegenforeiningar for store familiar krev bustader som er vanskeleg å oppdriva i Kvam.

- Kommunen har vore utan egedomsforvaltar sidan sommaren 2013. Forvaltninga er i dag organisert under Stab, men skal overførast til FDV-leiar i Teknisk eining. Sidan denne stillinga òg har stått vakant, er ikkje sakshandsaminga overført.
- Arbeidet med ny bustadplan starta opp i 2013, men på grunn av låg bemanning og mykje planarbeid er planarbeidet forseinka.
- Kvam herad held på å avvikla framleigeavtalar med private huseigarar. Avtalane krev mykje oppfølging av Kvam herad, og kommunen vil heller prioritera å auka buevna til leigetakarane.
- I 2013 vart det handsama 27 søknadar om Startlån. Det er det høgaste talet søknadar Kvam herad har hatt. 22 søknader fekk tilsegn om startlån og 5 fekk avslag. Talet på personar som har vore til samtal, men ikkje leverer søknad, er noko høgare.
- I 2013 vart det utbetalt kr 10,1 millionar i startlån. Utlånnssummen var i 2012 kr 10,9 millionar.
- Saldo Startlån frå Husbanken som ikkje er lånt vidare er per 31.12.2013 kr 15,2 mill. Av desse er 6,7 mill. gjeve i førehandstilsegn, men endå ikkje utbetalt.

### 3.10 Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø

Funksjon og rammer	Plan					
	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
300 Fysisk tilrettelegging og planlegging	0	0	133	133	0 %	-133
301 Plansaksbehandling	3 615	3 739	3 542	3 380	106 %	197
302 Byggle-, delings- og seksjoneringssaker	232	-80	-330	-129	24 %	250
303 Kart og oppmåling	960	943	1 264	1 300	75 %	-321
<b>Plan</b>	<b>4 808</b>	<b>4 602</b>	<b>4 608</b>	<b>4 682</b>	<b>100 %</b>	<b>-6</b>

#### Budsjettavvik

Totalt sett vart forbruket på rammeområdet plan lik justert budsjett.

Funksjon 300 er overført til 301, og budsjettet på 0,1 gjeld denne tenesta, totalt er tenesta om lag som budsjettert.

Gebyrinntektene er redusert med 0,4 mill.kr for byggjesaker, men lønsrefusjonsinntektene er 0,1 mill.kr høgare.

For kart og oppmåling er inntektene 0,5 mill.kr høgare, og lønsutgiftene redusert med 0,3 mill.kr på grunn av vakante stillingar. Utgiftene er auka med 0,4 mill.kr, bl.a. til IT-inkkjøp.

#### Om tema

##### Byggesaker, kart og oppmåling

Det er totalt 9,1 årsverk på byggesak og geodata (sjå funksjon 315).

##### Planarbeid:

I samsvar med vedtatt planstrategien frå september 2012, vart planprogrammet for kommuneplanen vedtatt i 18.06.2013. I 2013 vart også planprogrammet for kompetanse- og næringsplanen og bustadplanen vedtatt, slik at grunnlaget for vidare arbeid er på plass. Det samme vart også gjort for helse- og omsorgsplanen.

##### Resultat 2013 – Byggesak, kart og oppmåling

I 2013 mottok Kvam herad om lag 268 byggjesøknader, 90 delingssaker/kartforretning og 196 konsesjonssaker.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggje- og delingssaker med 12 vekers frist var 60 dagar, og 21 dagar i saker med 3 vekers frist. Heradet braut lovfesta sakshandsamingsfrist i 5 saker.

42 dispensasjonssøknader var handsama, og gjennomsnittleg sakshandsamingstid vart 4,4 månader. 15 saker hadde lenger sakshandsamingstid enn 5 månader, som er heradet si interne målsetting. 17 dispensasjonssaker vart tatt på fullmakt da dei verken råka fylket sine interesser eller hadde nabomerknader.

12 klagesaker vart formidla vidare til Fylkesmannen. Fylkesmannen omgjorde 2 av NPB sine vedtak, og stadfesta 9 NPB vedtak. Ei sak vart trekt av søkjær.

Det var gjort tilsyn i 7 saker eller 2,5 % av innkomne byggjesaker. Målet var 7 % innan 2013.

69 tinglyste eigedomar og matrikkelbrev vart handsama.

194 eigenerklæringa om konsesjonsfritak kom inn medan 172 vart handsama.

Ca 150 INFO land bestillingar vart handtert innafor 5 dagars fristen med nabolister, plankart m.m.

##### Resultat 2013 - Offentlege planar

Kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel vart kunngjort med oppstart i juli, etter vedtak av planprogrammet og vedtak om kunngjering. Fristen for å komme med innspel var sett til 30.sept.

Det har komme ein fleire hundre innspel til oppstart av arealdelen og nokre titals til oppstart av samfunnsdelen. Arbeidet ligg noko på etterskot i høve til oppsett framdrift, men er likevel godt i gang.

Bustadplan. Planprogrammet vart vedtatt i oktober, men har ikkje komme særleg vidare i 2013. Arbeidet med bustadplanen er tilpassa framdrifta til kommuneplan.

Kommunedelplan for næring og kompetanse er godt i gang. Planprogrammet vart vedtatt i august 2013, og det har vore stort engasjement omkring arbeidet så langt (sjå elles under «næring»)

#### **Endeleg vedtak av reguleringsplanar i 2013 :**

##### **Reguleringsplan for Fv 7 frå Skipadalen –Norheimsund aust, strekkja i frå profil 650 til profil 2750.**

Planen tek primært for seg ny køyreveg, og gang og sykkelveg frå Nes til Rema 1000.

Fylkeskommunen varsla motsegn til

automatisk freda forminne i Skipadalen. Dette vart løyst i 2013 og planen vart endeleg vedtatt i desember 2013.

Planen er ein del av arbeidet med Kvammapakken.

##### **Reguleringsplan for fv-49 -Lingaparsellen**

Planen tek for seg utbetring av Fv-49 på Linga. Delar av planen vart vedteken i juni 2013, medan det står att ein del der det enno ikkje er gjort endeleg vedtak. Planen er ein del av arbeidet med Kvammapakken.

##### **Reguleringsplan for Rv-7 Øystese –Laupsa/Skarpasvingen**

Planen tek for seg vegutbetring og gang- og sykkelveg frå Øystese til Laupsa, i tillegg til utbygging av 84 husvære på Stronde. Delar av planen vart vedtatt i oktober 2013.

Fylkeskommunen har påvist fornminne i planområdet på Laupsa, difor er planen delt. Planen er ein del av arbeidet med Kvammapakken.

#### **Offentlege planar under arbeid i 2013:**

##### **Reguleringsplan for gang/sykkelveg Ungdomsheimen til NAF –Kvamskogen**

Reguleringsplan for gang og sykkelveg på strekkja Ungdomsheimen –NAF vart starta opp den 25.januar 2012 og låg ute på høyring i 2013. Planen er ein del av Kvammapakken.

##### **Reguleringsplan for Håfjellstunnelen**

Planen gjeld ny tunnel i mellom Øystese og Fyksesund. Konsulent har levert plan til Kvam herad. Planen skal på høyring i 2014 Planen er pr. dags dato ikkje ein del av Kvammapakken.

##### **Reguleringsplan for strekkja mellom Fyksesund og Steinstø**

Planen gjeld utbetring av vegen mellom Fykseundbrua og Steinstø. Målet er utbetring av vegen og tilrettelegging med gang- og sykkelveg. Planen er pr. dags dato ikkje ein del av Kvammapakken.

##### **Reguleringsplan for ny ferjekai i Tørvikbygd og utbetring av krysset til Heradstveit**

Planen tek for seg ny ferjekai i Tørvikbygd i samband med opning av Jondalstunnelen. I tillegg til ferjekai, tek planen for seg eventuelle overskottmassar til utbetring av vegen til Heradstveit. Hordaland fylkeskommune skriv at «*planen har eit omfang som ikkje er realistisk med tanke på gjennomføring i nær framtid*»

##### **Straumbrua - Tolo småbåthamn**

Planen tek for seg nyt sentralt bustadområde i Norheimsund. Planen har vore på høyring. Statens vegvesen og Fylkesmannen har hatt motsegner til planen. Alle motsegner vart rydda bort i 2013. Planen kjem ut på ny høyring i 2014

##### **Ålvik sentrum**

Planen tek i hovudsak for seg fylkesvegen, løysing for mjuke trafikantar inn til sentrum og opprusting av torget midt i sentrum. Planen har vore ute på høyring. Lokal

motstand mot framlagde løysingar. Planarbeidet er tatt opp på nytt og det er innarbeidd nye løysingar. NPB vedtok å leggja planen ut på ny høyring i november 2013

### **Grustaket i Øystese**

Planen tek for seg utvida næringsareal i Grustaket, alternativ veggtilkomst til Tolomarka, framtidig bruk av Busdalen, bruk av arealet i Meirerihola med meir. Vedtak om oppstart vart gjort i 2013 og planprogrammet lagt ut på høyring i 2014.

### **Reguleringsplan for Laupsa (privat plan - med offentlege interesser)**

Kommunen har konsentrert seg om dei offentlege interessene i planen, som stort sett omhandlar friområdet og tilgjenge til strandsona. Fylkesmannen har lagt ned motseigner til planen. Det har komme nytt planframlegg og motsegnene er trekt.

### **Reguleringsplan for ny ballbinge med meir i Mundheim sentrum**

Etter at skulen er overtatt av private, skal skuleplassen erstattast med nytt leikeareal i sentrum. Planen har vore ute på høyring. Fylkesmannen har varsle motsegn. Planen har lege i ro i 2013, og midlar er nydda til tiltak med toalett i sentrum.

### **Private planar:**

#### **Godkjente reguleringsplanar i 2013**

Reguleringsplan på gnr 11 bnr 471, Sandvendalen, Norheimsund.

Reguleringsplan Mikkjelsflaten, Øystese gnr 44 bnr 620 (Tunet - Øystese)

Reguleringsplan for Falckeigedomen gnr 21, brn 21 og 50 m.fl.

Reguleringsplan for Høgåsen hyttetur gnr 21 bnr 202

### **Mindre reguleringsendring i 2013**

Reguleringsendring gnr 22 bnr. 6 Kvednaskogen felt H9 og H10

Mindre reguleringsendring, reguleringsplan for Wallemtunet gnr 21 bnr 676 - del av gnr 21 bnr 5 m.fl

Mindre reguleringsendring av reguleringsplan for Haldeplassen - Kaldestad.

### 3.11 Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift

Næringsstøtte og komm. forretningsdrift						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
320 Kommunal næringsverksemد	-11 691	-17 768	-17 868	-17 856	99 %	99
325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet	5 056	8 838	2 783	3 088	318 %	6 055
329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutv	1 389	474	658	671	72 %	-183
360 Naturforvaltning og friluftsliv	585	-3 603	444	344	-812 %	-4 047
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	-4 662	-12 058	-13 983	-13 753	86 %	1 925

#### Budsjettavvik

Rekneskapen syner eit overforbruk på 1,9 mill. kr i høve justert budsjett for temaet.

Det vart avsett 0,3 mill. kr mindre i heimfall enn forventa, men motteke 0,2 mill. kr meir i sal av konsesjonskraft. Det er brukt ca. 0,1 mill.kr kurs og reiseutgifter til kraftområdet utover budsjett.

Funksjon 325 har eit overforbruk på 6,0 mill.kr, som må sjåast i samanheng med underforbruket på 360, då inntekter er budsjettert på 325, men rekneskapsført på 360. Nettoen på 2 mill.kr skuldast at det er budsjettert med overføringer frå fylket på 2,6 mill.kr (komp.midlar) som ikkje er motteke dette rekneskapsåret. 0,6 mill.kr til Økoløft-prosjektet er motteke i 2013, men budsjettert tidlegare år.

Underforbruket på landbruksforvaltning skuldast 0,2 mill.kr høgare øyremerka tilskot frå staten.

#### Om tema

Kvam herad disponerer årleg eit kraftvolum på 167,6 GWh. Av dette sel heradet ca. 155 GWh medan ca. 12,4 GWh vert nytta i eigne bygg. Verdien av uttaket (etter skatt) er ca. 2,2 mill.kr.

60,9 GWh er konsesjonskraft. Det meste kjem frå Bjølvø kraftverk (37,9 GWh) og Samnanger (BKK, 21,7 GWh). Kommunen disponerer òg 106,7 GWh årleg frå Bjølvø kraftverk som heimfall.

Kvam Kraftverk AS sel krafta for kommunen på den opne marknaden. Avkastninga er avhengig av pris på kraft og skattekjennsle. Kommunen må betala både grunnrenteskatt (30% av spot-pris) og overskotsskatt (28%).

Næringsavdelinga er organisert som ein del av Samfunn og utvikling. Arbeidsområdet er generell næringsutvikling og landbruksforvaltning. Det vert leidt inn kompetanse på skog og utmark frå landbrukskontoret i Ullensvang. Kontoret har og ansvar for prosjektarbeid som Flytt til Hardanger, kompensasjonsmidlar for arbeidsgjearavgift, reiseliv med turistveg, internasjonalt arbeid m.m. Naturforvaltning og friluftsliv er eit tema med store svingingar då det prosjektbasert. I 2013 er området prega av prosjektet «Turistveg Steinsdalen».

#### Resultat 2013

- Samla inntekt i 2013 var 17,7 mill.kr, medan revidert budsjett for var 17,8 mill.kr, dvs. eit underskot på 0,2 mill.kr.
- I 2013 var gjennomsnittleg pris pr. KWh 30,28 øre, mot 24,2 øre i 2012. 2013 var eit turbulent med normale prisar i første del av året. I perioden november – desember sel Kvam herad ca. 21% av disponibel kraft. I denne perioden var det mykje nedbør og mildt, særleg desember. Prisane i desember var difor uvanleg låge. Halve volumet av konsesjonskraft vart bunde til faste pris for perioden des.13-mars.14. Prisen på bindingstidspunktet var mellom 33-35 øre/KWh. Det betra resultatet litt.
- Inntekta frå sal av heimfallsverk vart netto 6,8 mill.kr mot budsjettet 7,1 mill.kr, dvs. eit underskot på 0,3 mill.kr.
- I 2013 starta Kvam herad opp arbeidet med ein ny kommunedelplan for næring og kompetanse. Kvam næringsråd og Geoplan A/S er sentrale i utarbeidinga av planen. På hausten var om lag 90 personar engasjert i ulike grupper for å koma med innspel til planen.
- Telemarksforskning har utarbeidd ein ny analyse av næringsutvikling, attraktivitet og innovasjon i Kvam.

- Ved Steinsdalsfossen er turistvegprosjektet halvveis med opparbeiding av parkeringsplass, toalett, turistinformasjon og nye stiar og utsiktsplattformer. Samla investering er på om lag 50 mill.kr.
- Folketalsutviklinga i Kvam var stabil i 2013, 8584 personar er busette i kommunen.
- Talet på aktive bønder er stabilt og det vart løyvd om lag 35 millionar i produksjonstilskot til 190 føretak. Kvam herad er på tredje plass i Hordaland over kommunar som tek ut mest tilskot frå Innovasjon Norge til nye bygningar og tiltak.
- Gardskarta i kommunen er oppdatert og ved søknadsomgangen i august vart dei nye tala over landbruksareal tekne i bruk.
- Det er registrert 110 nye føretak i Brønnøysundregisteret for Kvam i 2013
- Næringslivet i Kvam fekk vel 5 millionar kroner som kompensasjon for arbeidsgjevaravgift i 2013. Kvam næringsråd saman med bedriftene som bidreg til ordninga, innstilte tildeling av midlane.

### 3.12 Brann og ulukkesvern

Brann og ulykkesvern						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
338 Førebygging av brannar og andre ulukker	461	510	614	640	83 %	-104
339 Beredskap mot brannar og andre ulukker	5 971	5 450	4 828	4 832	113 %	622
<b>Brann og ulykkesvern</b>	<b>6 431</b>	<b>5 960</b>	<b>5 443</b>	<b>5 472</b>	<b>110 %</b>	<b>518</b>

#### Budsjettavvik

Rammeområdet for brann og ulukkesvern har eit netto overforbruk på 0,5 mill. kr i 2013.

Hovudsakleg skuldast dette auka lønskostnadene i funksjon 339, som bl.a. må sjåast i samanheng med det auka talet på utrykkingar, samt drift og vedlikehald av køyretøy og teknisk utstyr i løpet av året. Inntektene knytt til feiling i funksjon 338 har dei siste åra vore for lavt budsjettert, og er auka opp i budsjettet for 2014.

#### Om tema

I 2013 inngjekk kommunen ein avtale med SNLA (Stiftelsen Norsk Luft Ambulanse) og 40 medarbeidarar fekk kurs i bruk av hjartestartar med tilhøyrande utstyr som ledd i arbeidet med «first responder» kompetanse i kommunen. Det er plassert hjartestartar på kvar av stasjonane i Kvam; Ålvik, Øystese, Norheimsund og Oma stasjon. Kvar haust er det resertifisering med instruktør frå SNLA. Avtalen er inngått for to år med gjensidig moglegheit for oppseiling. Kommunen er med i eit prosjekt i Hardanger, Samhandlingsreforma i Hardanger, som skal gje retningslinjer for denne beredskapen. Tiltaket skal gje assistanse ut frå ein dialog med vakthavande lege i kommunen når ambulansen ikkje er i Kvam men på andre oppdrag.

Det er ei utfordring med rekruttering av nok personell til Oma stasjon.

#### Resultat 2013

Oversikt over utrykkingar dei siste tre åra:

2011: 89

2012: 105

2013: 99

Utviklinga gjer eit snitt på i underkant av 100 registrerte oppdrag per år. Dette er eit høgt tal med tanke på folketalet i heradet. Det er for mykje unødige alarmar som i hovudsak skuldas mangel på kunnskap om tiltak ved «varme arbeid».

Det er også ei auke på trafikkulukker dette året.

Internt i KVBR er det litt fleire som ønskjer eit fagansvar for t.d. klatring i tau i vanskeleg terren, røykdykking og fyrstehjelp. Tiltaka er motiverande og bidrar til at personell blir ståande lengre.

### 3.13 Samferdsel og grøntanlegg

Samferdsle og grøntanlegg						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013		Avvik i kr
330 Samferdsleverksemder / transporttiltak	1 924	1 882	1 900	1 900	99 %	-18
332 Kommunale vegar	0	6 353	8 631	0	74 % #DIV/0!	-2 279
333 Kommunale vegar	5 063	0	3	4 491	0 %	-3
334 Kommunale vegar, miljø og trafikksikringstiltak	3 386	0	4	4 146	0 %	-4
335 Rekreasjon i tettstad	1 112	948	1 353	1 364	70 %	-406
285 Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	69	352	-21	-15	-1678 %	373
<b>Samferdsle og grøntanlegg</b>	<b>11 485</b>	<b>3 182</b>	<b>3 240</b>	<b>11 886</b>	<b>98 %</b>	<b>-2 336</b>

#### Budsjettavvik

Samferdsle og grøntanlegg har eit netto mindreforbruk på 2,3 mill. kr. Avviket skuldast hovudsakleg mindreforbruk i funksjon 332 *Kommunale vegar*; overtid på 0,2 mill. kr, kjøp av tenester til bygg, anlegg og veg på 0,8 mill. kr, materialar til drift og vedlikehald på 0,3 mill. kr, samt det reduserte behovet for snøbrøyting i løpet av 2013 på 0,7 mill. kr.

Mindreforbruket på 0,4 mill.kr i lønsutgifter på funksjon 335 er overført til forbruk til andre tenester i kommunen som treng vedlikehald av (grønt)anlegg.

Overforbruket på funksjon 285, gjeld utgifter til leirskule som ikkje er budsjettert på denne tenesta.

#### Om tema

Funksjon 330 gjeld overføring til nedbetaling av lån til Jondalstunnelen. Kvam herad sin del av lånet er på 16 mill.kr pr. 31.12.13, og kommunen betalar ca. 2 mill.kr pr. år.

KOSTRA-tema er endra slik at det som tidlegare vart ført på funksjon 333 og 334, skal f.o.m. 2013 førast på 332 – kommunale vegar.

Funksjon 335 er i hovudsak knytt til tenester utført av kommunegartnaren i Kvam herad.

Funksjon 285 gjeld utgifter til leirskule.

#### Resultat 2013

Samferdsel har som mål å gje eitt godt resultat for innbyggjarane i Kvam. Det er og vår oppfatning at vi har meir gode vegar enn därlege vegar sjølv om etterslepet på vedlikehald er stort.

Drift samferdsel har siste åra vore gjennom eitt generasjonsskifte og det er i 2013 tilsett 3 nye medarbeidarar. Det er inngått ein 6-årig kontrakt med NCC Roads på vintervedlikehold av Norheimsund sentrum og gangveg til Vikøy. Langs dei kommunale vegane er det utført kantklypping, töming og spycling av sandfang og dreensrør i tillegg til utført grøfting og manuell skogshogst langs vegane. Drift samferdsel har også ansvaret for 15 registrerte bruer som det vert utført faste inspeksjonar av kvart år. I 2013 er det utført reparasjonar på ein del rekksverk og fundamentar. Etterslep på vedlikehald frå 2012-2013 er redusert med 0,4 mill.

Arbeid med rassikring har i 2013 omhandla fornying av murar og reparasjon/fornying av utraste murer. Fjellsikring i Steinsdalsfossen og Skutlaberg er utført og vil fortsetja i 2014. Det er også asfaltert vegar og plasser for om lag 2,2 million kroner i 2013. På grunn av stengt veg i Tokagejlet vart det her eit mindreforbruk på 0.5mill.

### 3.14 Vatn, avløp og renovasjon/avfall

#### Note: VAR

Tekst	Vatn	Vatn Kv.sk	Kloakk	Kloakk Kv.sk	Slam	Avfall	Totalt
Direkte kostnader	5 456 641	844 107	3 530 714	932 355	2 100 106	253 120	13 117 044
- Inntekter av fordelede utgifter	0	0	0	0	0	0	0
- Inntekt av internsal	0	0	0	0	0	0	0
- Refundert sjukeløn	-8 118	-1 369	-542	-7 793	0	0	-17 822
= Korrigerte direkte kostnader	5 448 523	842 738	3 530 172	924 562	2 100 106	253 120	13 099 222
+ Indirekte kostnader (Adm, lokaler etc)	538 794	334 815	368 464	283 034	221 470	0	1 746 576
- Frådrag for andre inntekter	0	0	-750	0	0	-969 062	-969 812
- Sal av kapital	0	0	0	0	0	0	0
+ Avskrivningar	1 984 068	797 264	1 400 074	909 729	13 926	342 279	5 447 340
+ Kalkulatoriske renter	1 066 734	498 880	895 876	552 293	0	117 759	3 131 542
=Avgiftsgrunnlaget (utgifter)	9 038 118	2 473 698	6 193 835	2 669 618	2 335 502	-255 903	22 454 868
Gebyrinntekter årsgebyr	-7 732 501	-1 466 347	-4 667 480	-1 507 669	-2 151 440	0	-17 525 437
Gebyrinntekter tilknytningsgebyrer	-177 140	-483 870	-270 920	-483 870	0	0	-1 415 800
Overføringer til kapitalrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0
Driftsinntekter	-7 909 641	-1 950 217	-4 938 400	-1 991 539	-2 151 440	0	-18 941 237
Driftsresultat VAR	1 128 477	523 481	1 255 435	678 079	184 062	-255 903	3 513 630
Avsetning til fond	7 918 059	1 951 586	4 943 199	2 000 132	2 151 440	969 062	19 933 478
Bruk av fond	-9 046 536	-2 475 067	-6 198 634	-2 678 211	-2 335 502	-713 159	-23 447 108
Bruk /avsetning til fond	-1 128 477	-523 481	-1 255 435	-678 079	-184 062	255 903	-3 513 630
=Finansiert frå driftrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0

#### Budsjettavvik

VAR-området skal ikkje gå med overskot over tid, og er underlagt heilt særskilde reglar for sjølvkostbereking. VAR-noten gjer eit godt bilete av kostnadane og inntektene på dei ulike avgiftsområda, og er difor nytta i staden for tabellen for rammeområdet.

Etter fleire år med oppbygging av fond, var det berre fondsmidlar for avfall som vart styrka med 0,3 mill. kr. i 2013. Dei andre fonda vart etter planen redusert, etter at mange år med investeringar byrjar å gjera seg gjeldande som kostnader i driftsrekneskapen. Prisane er haldne på same nivå i fleire år, og står òg uendra for 2014.

#### Status for fonda pr. 31.12.2013:

Konto	Tekst	Beløp
29650100	Vatn - Felles	-2 314 758,55
29650110	Kloakk - Felles	-7 846 598,32
29650120	Slam - Felles	220 387,12
29650150	Renovasjon - Felles	4 350 058,97
29650200	Vatn - Kvamskogen	-6 845 558,47
29650210	Kloakk - Kvamskogen	-12 175 966,64
29650300	Vatn - Ålvik (jfr. overtaking frå Bjølvefossen)	-294 930,59
29650310	Kloakk - Ålvik (jfr.overtaking frå Bjølvefossen)	-520 082,94
<b>Sum</b>		<b>-25 427 449,42</b>

Slam-fondet må byggjast opp og drivast med overskot dei neste åra. Dette vil truleg la seg løysa utan å auka gebyret. Når det gjeld renovasjon, er dette sett ut til BIR, og BIR handterer heile tenesteområdet. Kostnaden med avvikling av tidlegare avfallslass i Kvam ligg i våre rekneskap, og her er det ein underdekning som me må dekka inn med auke i gebyr frå 2014.

## **Om tema:**

Ei hovudutfordringa er at mykje av eigen kapasitet på driftssida går med til å fylge opp prosjekt knytt til Kvammapakken og andre eigne prosjekt. Utføring av kartegging, prosjektering og gjennomføring av eigne prosjekt skal gjerast samstundes med ivaretaking og drifting av eksisterande kommunale anlegg og samtidig med nødvendig planlegging av nye prosjekt.

I periodar med flaum og store nedbørsmengder har ein til dels stort innlekk av framandvatn inn på spillvassleidningane. Dette er framandvatn som skapar store problem for drifta og som ein ikkje kan dimensjonerer nytt reinseanlegg for. Lokalisering av innlekk er tidkrevjande.

## **Resultat 2013**

Det har i 2013 vore gjennomført fleire prosjekt knytt til vatn og avløp.

- Gjennom Kvammapakken er gang- og sykkelveg frå Norheimsund til Vikøy utført og husa utover har fått nye tilkoplingspunkt for vatn og avløp. Ytre Pumpestasjon på Kaldestad er ferdig, medan pumpestasjon ved Kraftverket ikkje er bygd enno.
- Neste VA-prosjekt i Kvammapakken er planlegging knytt til Skipadalen – Rema 1000. Prosjektering har starta, men ein avventar vidare framdrift til vegmodellen frå Statens Vegvesen er klar.
- Forprosjekt for nytt felles avløpsreinseanlegg på Notaneset er i gang. Analyseseriar med tanke på kartlegging av partikkelinnhald i avløpsvatnet er utført frå 2011 til 2013. Forprosjektet utført av Kvam herad på analyser og er sendt til NTNU for vurdering av resultat og ein avventar tilbakemelding knytt til rådgjeving av type reinseprosess.
- Mykje ressursar på teknisk har vorte brukt til å bygge nytt vassverk på Kvamskogen. Produksjonen vart lagt ut på nettet i 24.10.13. Anlegget har no 2 hygieniske barrierar og det vert no søkt om godkjenning til mattilsynet. Det har vore utfordrande å halde eksisterande vassproduksjon i gang samtidig med nybygging same staden. Anlegget har ikkje hatt nedetid eller stopp etter at det vart sett i drift.
- Prosjektet med vidareføring av vatn og avløp frå Måvotno til Eikedalen vart starta opp våren 2013. Ein har bygd VA-nett fram til Sandvensæter før arbeidet vart avslutta før vinteren. Det vart også etablert ein pumpestasjon ved Sandvensæter. Kleva hytteområdet knytte seg til umiddelbart etter at den kommunale leidningen var ferdig.
- I samband med arbeidet med ny barneskule i Norheimsund var det behov for å kunna leia vekk drensvatn frå det nye bygget. Dette arbeidet vart utført i 2012 og førde også til skifte av VA-rør i Grovagjelet og mot bedehuset. I 2013 vart arbeidet vidareført med å knyte til spillvatn og overvatn ved rådhuset, der det var problem med lekkasje mot avløpsnettet.
- Utbygging av Thon Sandven Hotel forserte bygginga av ny pumpestasjon ved hotellet. Det vart også lagt nytt leidningsnett over meieritomta og opp mot «Bruflat-bygget». Dette i tillegg til sjøleidning mot «vegstasjonen på Tolo», der det er tilrettelagt for ny pumpestasjon. Arbeidet er sluttført.
- Kvam herad har også sanert/separert deler av avløpsnettet på Gartveit. Denne delen var ei vidareføring av eit prosjekt som vart utført i 2003. Ein har fjerna fellesleidningar for overvatn/spillvatn og oppretta separate system. Hus langs traseen har fått nye stikk for overvatn, spillvatn og drikkevatn.
- Det har vore to revisjonar frå Mattilsynet også i 2013(nasjonale revisjonar med fokus på drift og kvalitet på leidningsnett). Desse har vore gjennomført for Ålvik- og Strandebarm vassverk.
- Prosjektering av nye vassrør og veg til Torpe har stoppa opp grunna høg aktivitet i andre prosjekt. Ein planlegg grunnavtalar og prosjektering i 2014, og oppstart anlegg 2015.
- Prøveprosjekt (Cowi) med reinsing av sigevatn frå bosstippen i Tolomarka er starta opp.

## 3.15 Kultur

Funksjon og rammer	Kultur					
	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
231 Aktivitetstilbod born og unge	273	388	432	431	90 %	-43
365 Kulturminnevern	0	0	0	0	#DIV/0!	0
370 Bibliotek	2 873	2 493	2 852	2 898	87 %	-359
373 Kino	402	300	307	325	98 %	-7
375 Museum	831	888	844	844	105 %	45
377 Kunstformidling	775	640	553	599	116 %	87
380 Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	-524	-1 194	-483	-475	247 %	-711
381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	2 098	2 819	1 607	1 613	175 %	1 212
385 Andre kulturaktivitetar, tilskot andres kulturygg	1 987	1 668	2 019	2 226	83 %	-352
386 Kommunale kulturygg	114	77	75	75	103 %	2
Kultur	8 830	8 081	8 207	8 537	98 %	-126

### Budsjettavvik

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 0,1 mill. kr i høve justert budsjett.

Bibliotek har eit mindreforbruk på 0,4 mill. kr som skuldast lågare driftsutgifter, m.a. til husleiga.

Kinoen fekk i 2013 høgare billettinntekter enn budsjettet, men òg høgare reinhaldsutgifter.

Budsjettavviket på 375 skuldast høgare overføringer til Museumsavtalen enn budsjettet.

Overforbruket til kunstformidling gjeld lønsutgifter knytt til kulturskulen.

På funksjon 380 er det motteke 0,5 mill. kr meir enn budsjettet i spelemidlar og overført 0,2 mill.kr mindre til private.

Overforbruket på funksjon 381 på 1,2 mill. kr gjeld reinhaldsutgifter som er budsjettet på andre funksjonar.

Tilskot til private er redusert med 0,3 mill.kr i funksjon 385, og øyremerka tilskot frå staten vart 0,1 mill.kr høgare.

### Om tema

Kommunen miste ein kjær kollega og medarbeidar i leiar for kultur, Lars Erik Klafstad, sommaren 2013. Dette har og vore med å prega aktiviteten på kulturfeltet i 2013.

I november vart det søkt etter ny leiar for avdelinga, og han vil vera på plass i april 2014.

Kultur har ei rekkje underfunksjonar. Rammeområdet er lite, men målet er at midlane skal skapa stor aktivitet elles i kommunen.

Bibliotek er ei lovpålagt teneste for kommunane og er ein viktig del av både kunnskaps- og kulturpolitikken i Noreg. Biblioteket er eit kulturelt senter i heradet og fungerer som ein viktig møtestad.

### Resultat 2013

I 2013 vart Kvam herad kåra til årets kultur kommune i Hordaland for 2012. Grunngjevinga frå juryen var mellom anna basert på at, «Årets kulturkommune i Hordaland har gjennom fleire år vist stor oppfinnsomhet og sterk vilje i sitt arbeid med kultur. Dei har hatt og har spenstige visjonar for dette både åleine og saman med dei andre kommunane i regionen. Der er mange spanande og gode aktørar både innan det frivillige og profesjonelle kulturfeltet i årets kulturkommune, og vi opplever det politiske nivået og administrasjonen i kommunen som gode ambassadørar og støttespelarar for desse.» Kvam var også av dei fire kommunane som vart nominert til Norges kulturkommune for 2013, ut i frå dei same grunngjevingane.

Kulturprisen til Kvam herad gjekk i 2013 til Dag Rune Mo for sitt idrett-s og kulturarbeid i frå 1970-talet i fram til i dag. Kulturstipenda gjekk til Roy Jarle Mundheim Johansen (musikk) og Linn Karin Børsheim (teikning)

❖ **Kino**

Kvam kino hadde 5608 besøkande i 2013. Det var 173 framvisingar i 2013. I tillegg til ordinære visingar, hadde kinoen skulekino i samarbeid med Den kulturelle skulesekken og vidaregåande skular, samarbeid med Kvam filmklubb og Kvam senioruniversitet. Filmar for born og unge er best besøkt.

❖ **Ferieklubben**

Ferieklubben gav born i alderen 6-10 år eit dagtilbod, 3 veker i sommarferien 2013 med aktivitetar knytt til opplevingar i nærmiljø og utflukter.

❖ **Aktivitetar for funksjonshemma**

Målet er å gje alle eit variert og tilrettelagt fritidstilbod ut frå eigne interesser og funksjonsnivå. Kulturkontoret arrangerer ulike aktivitetar for enkeltpersonar og som fellesarrangement,- t.d. klubbar, idrettsaktivitetar, utflukter, sommar/vintertilbod osv. Vi samarbeider med ulike kommunar, Hordaland fylkeskommune og lag og organisasjonar. Arrangementa er svært godt besøkt, og tiltaka gjev funksjonshemma varierte og stabile aktivitetar.

❖ **Museum**

Selskapet Bygdagnist har inngått avtale om drift av Storeteigen. Musea har store vedlikehaldsbehov.

❖ **Kulturell spaserstokk**

Heradet søkte og fekk kr 170 000,- i 2013 til Den kulturelle spaserstokken. Tilskotsmidlane vart lyst ut lokalt, og har vore nytta til konserter, filmframvisingar, foredrag, kunstutstillingar mm for eldre. Tiltaka er spesielt tilrettelagt for eldre på institusjonar.

❖ **Inkludering**

Samarbeid om prosjektet «Ingen skal stå igjen» for å inkludera born og unge inn i fritidsaktivitetar.

❖ **Frivillig aktivitet**

Den frivillige innsatsen er svært stor i kommunen, med mange frivillige organisasjonar. Kvam herad fordele driftstilskot til ulike lag og organisasjonar, lokale kulturhus, underskotsgarantiar, nærmiljømidlar, tilskot til leikeplassar, ulike prosjekt,-samt stipend etter søknad.

❖ **Kunstformidling**

Kvam herad har ei seinare åra vore svært aktiv i arbeidet med etablering av nye institusjonar omkring kunst og formidling i Kvam, dette gjeld Messen, HAKU med meir. I 2013 vart det arbeidt med korleis kan kommunen og andre føra dette arbeidet vidare, for å styrkja dei ulike aktørane. Målet har vore å synleggjere verdiskapinga innan kunst og kultur, betre koordinering mellom aktørane, nettverksbygging, publikumsutvikling og nærings- og forretningsutvikling. Regionaldepartement har løyvd 1,3 mill.kr til prosjektet. Prosjektet vart ikkje starta opp i 2013, men vil komma i gang i 2014.

## ❖ Bibliotek

Kvam bibliotek er organisert med hovudbibliotek i Norheimsund og avdelingar i Ålvik (på Torget) og i Strandebarm (på skulen). Bibliotekfilialen i Øystese var i full drift fram til juni 2013. Seinare vart drifta redusert og filialen vart avvikla ved årsskifte. Bibliotekbilen vart avvikla i juni. Avvikling av desse bibliotektenestene er i samsvar med budsjettvedtaket for 2013.

Konsekvensen av nedbemanning og redusering i opningstider kjem tydeleg fram i statistikkane.

Totalt utlån bøker/andre media	Timar/v	2010	2011	2012	2013	% endring 2012-13
Norheimsund	36	29 264	27 541	26 211	27 073	3 %
Strandebarm	9	8 616	8 875	8 164	7 310	-10 %
Øystese	25 (8)	17 300	15 107	15 094	7 752	-49 %
Ålvik	8	5 804	5 310	6 098	5 803	-6 %
<b>Samla utlån</b>		<b>62 455</b>	<b>56 833</b>	<b>55 567</b>	<b>47 938</b>	<b>-13 %</b>
<b>Aktive lånarar</b>		<b>2 667</b>	<b>2 518</b>	<b>2 332</b>	<b>2 084</b>	<b>-10 %</b>
<b>Samla bibliotekbesøk</b>		<b>58 300</b>	<b>58 380</b>	<b>52 736</b>	<b>48 905</b>	<b>-7 %</b>

## ❖ Idrett

Ansvar for idrett har vore lagt til leiar for samfunn og utvikling.

Idrettsrådet og heradsstyret gjorde følgjande prioritering for spelemidlane i 2013:

1. Strandebarm skule og idrettsplass, idrettshall
2. Sjusete; skiskytтарstadion, rulleskiløype, stadion, m/rundkøyring/løyper
3. Forlenging Øystese fotballbane
4. Tørvikbygd, utviding av fotballbane
5. Symjebasseng Hardangerbadet.

Nærmiljømidlar vart tildelt:

- Grøningsløypa i Strandebarm
- Ombygging av ballpass ved Øystese barneskule, frå grus til kunstgras

Idrettsstipend i 2013 vart tildelt til:

- Jack Feng – bordtennis
- Birgit Lilletveit Kvåle -skiskyting

## ❖ Friluftsliv

Kvam herad har søkt medlemskap i Bergen og omland friluftsråd. Kommunen vart ikkje formell medlem i 2013, men medlemskapen vil truleg verta godkjent i 2014

Kvam har gitt tilskot til nærmiljøtiltak, leikeplassar og turløyper i kommunen.

### 3.16 Kyrkja

Kyrkje						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr	
390 Den norske kyrkja	3 601	3 849	3 850	3 850	100 %	-1
392 Andre religiøse føremål	151	176	150	150	117 %	26
393 Kyrkjegardar, gravlundar, krematorium	1 134	938	979	1 078	96 %	-41
Kyrkje	4 886	4 963	4 978	5 078	100 %	-16

#### Kommentarar til tema

I 2013 fekk Kyrkjeleg fellesråd eit kommunalt tilskot på 4,7 mill. kr, der 3,8 mill.kr er generelt tilskot og 0,8 mill. kr er tilskot til kyrkjegardar. Resterande kostnader på funksjon 393 er kommunegartnaren sine utgifter på stell av kyrkjegardar. Mindreforbruket på funksjon 393 kjem av endring mellom funksjonar og rammeområde i forhold til budsjett.

Overføringer til andre religiøse føremål enn kyrkjeleg fellesråd vart kr 26 000 over budsjett. Nivået på tilskotet til Kyrkjeleg fellesråd, styrer nivået på tilskotet til andre religiøse føremål.

Rekneskapen 2013 for kyrkjeleg fellesråd er ikkje revidert endå, men rekneskapen viser eit overskot på kr 47.556 etter eit år med stort fokus på innsparing.

Årsmeldinga til Fellesrådet viser at rådet har 8,57 årsverk fordelt på 12 tilsette. 1,5 årsverk til trusopplæring er finansiert av bispedømekontoret.

Budsjettet til Fellesrådet var på 7,2 mill.kr, dvs. 2,5 mill.kr i utover det kommunale tilskotet. Ein av dei største økonomiske utfordringane, er at trogen for vedlikehald av bygga overstig midlar til føremålet. Fellesrådet vedtok i 2013 ein vedlikehaldsplang, og gjennomførte fleire tiltak i 2013.

Arbeidet med kyrkjeparken i Norheimsund vart ferdigstilt i 2013, og vert opna våren 2014 i samband med 25-årsjubileet for Norheimsund kyrkje.

I 2013 vart Bårehus-prosjektet starta opp, og heradstyret har vedteke førebelse rammer for bygget.

### 3.17 Skatt og rammetilskot

Skatt og rammetilskot						
Funksjon og rammer	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013		Avvik i kr
800 Skatt på inntekt og formue	-211 908	-227 650	-228 328	-225 384	100 %	678
840 Statlege rammetilskot og øvrige generelle statstti	-262 886	-267 420	-266 276	-268 936	100 %	-1144
850 Generelt statstilskot vedk. flyktninger m.v.	-11 189	-9 907	-9 270	-9 270	107 %	-637
<b>Skatt og rammetilskot</b>	<b>-485 984</b>	<b>-504 977</b>	<b>-503 874</b>	<b>-503 590</b>	<b>100 %</b>	<b>-1 103</b>

#### Kommentarar til tema

Rammeområdet fekk samla sett ein auke i inntekta på 1,1 mill.kr i høve til budsjett. Inntektene frå skatt og rammetilskot utgjorde 72% av driftsinntektene til Kvam herad i 2013.

*Skatt på inntekt og formue* er fordelt på Skatt på eiga og inntekt med 189,3 mill.kr (budsjett 190) og eigedomsskatt med 38,3 millionar (budsjett 38,4 mill. kr), og vart 0,7 mill.kr lågare enn budsjettert.

Skatt på eiga og inntekt auka med 8,5 mill. kr frå 2012 til 2013, eller 4,7%. Likevel ligg auken under gjennomsnittleg auke på 5,7% for landet samla. I Hordaland var auken på 5,8%.

Skatteutviklinga i Kvam versus resten av landet, medførte at kommune fekk tildelt 2 mill.kr meir i inntektsutjamning frå staten.

Staten si kompensasjonsordning for investeringar i skule, symjeanlegg, omsorgsbustader m.m., vert justert ut frå rentenivå. Rentene er svært låga, og overføringane vart 0,9 mill.kr lågare enn budsjett. Samla vart tilskota på 1,1 mill.kr høgare enn budsjettert:

*Statlege rammetilskot og andre generelle statstilskot på funksjon 840 er fordelt slik:*

Konto	Tekst	Beløp i 1000	Budsjett vedtatt	Avvik
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Distriktstilskot Sør-Norge	-6 518	-6 518	0
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Inntektsutjamnande	-14 166	-12 188	-1 978
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Ordinært	-223 769	-223 770	1
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Skjønsdel	-10 300	-10 300	0
Andre statlege overføringar		-5 329	-6 200	871
Vertskommunetilskot <sup>4</sup>		-7 338	-7 300	-38
<b>Sum</b>		<b>-267 420</b>	<b>-266 276</b>	<b>-1 144</b>

Integrasjonstilskotet vart 0,6 mill.kr høgare enn budsjettert, totalt 9,9 mill.kr.

<sup>4</sup> Føremålet med vertskommunetilskotet er å kompensera dei 33 vertskommunane for dei bebuarane som ved HVPU – reforma valde å vera buande i institusjonskommunen. Tilskotet har delvis vore innlemma i rammetilskotet, men vart frå 2009 teke ut av rammetilskotet og gjeve som eit direkte tilskot frå Helse- og omsorgsdepartementet.

### 3.18 Finans

Finans						
Funksjon og rammer		Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert Bud 2013	Opphavleg bud 2013	Avvik i kr
870	Renter / utbytte og lån	13 747	20 555	23 624	26 404	87 % -3 069
880	Interne finansieringstransaksjonar	-1 900	8 152	-2 665	-10 083	-306 % 10 817
	Finans	11 848	28 707	20 959	16 321	137 % 7 748

#### Kommentarar til tema

Rente og avdrag på lån utgjer dei store finanspostane, totalt om lag 50 mill.kr. Aksjeutbytte er den største finansinntekta kommunen har, totalt på 17 mill.kr. Deretter kjem avkastning på plasseringar i bank eller obligasjonar på 8 mill.kr.

Budsjettavvika i 2013 for funksjon 870 skuldast:

- lågare låne- og avdragsutgifter (0,9 mill.kr)
- høgare byggjelånsrenter på grunn av forseinka investeringsprosjekt (1,6 mill.kr)
- høgare gevinst på finansielle instrument (1,1 mill.kr)
- lågare finansutgifter (0,3)

På den andre sida er det sett av 0,8 mill.kr i tap på krav. Kvam herad har god statistikk på innkrevjing, men ein gjennomgang av uteståande tyder på at det er nokre krav der kundane ikkje har økonomisk evne til å betala skulda si.

Funksjon 880 vert nytta til disponering av driftsresultat og mellom anna som fellesfunksjon for innsparingskrav som ikkje er fordelt på dei enkelte tenestene, totalt 3,6 mill.kr i 2013.

Det er netto sett av 7,2 mill.kr meir til fond enn budsjettet.

### 3.19 Sosiale kostnader inkludert premieavvik

	Sosiale kostnader inkludert premieavvik					
	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert budsjett 2013	Opphavleg bud 2013	Forbruk i %	Avvik i kr
Politisk verksemd	446	461	579	579	80 %	-118
Adm. og fellesutgifter	-4 280	8 156	-7 412	-7 284	-110 %	15 568
Barnehagar	14 679	14 946	14 993	15 221	100 %	-47
Grunnskule	29 072	28 429	33 547	33 651	85 %	-5 118
Kommunehelse	4 700	4 428	6 012	5 942	74 %	-1 584
Pleie- og omsorgstenesta	42 198	40 278	44 639	44 706	90 %	-4 361
Sosialteneste og NAV	2 037	1 971	2 510	2 510	79 %	-539
Barnevern	2 664	2 591	3 049	3 124	85 %	-457
Bustader	803	1 006	854	854	118 %	152
Plan	2 639	2 382	2 666	2 666	89 %	-284
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	557	488	348	348	140 %	140
Brann og ulykkesvern	1 106	1 288	909	909	142 %	379
Samferdsle og grøntanlegg	1 105	1 007	1 480	1 480	68 %	-473
Vatn avløp og renovasjon/avfall	1 416	1 586	1 633	1 633	97 %	-48
Kultur	1 594	1 698	1 448	1 533	117 %	251
Kyrkje	108	37	46	45	82 %	-8
<b>Totalt</b>	<b>100 842</b>	<b>110 755</b>	<b>107 300</b>	<b>107 917</b>	<b>103 %</b>	<b>3 454</b>

#### Kommentar til tabell:

Dersom pensjonssatsen endrar seg i høve budsjettet, vil det medføra endringar som må kommenterast under kvart tema. Dei budsjettansvarlege kan ikkje påverka prosentsatsen (men lønsgrunnlaget), og dei sosiale kostnadane er difor trekt ut av tabellane på kvart KOSTRA-tema/rammeområde for å gjera budsjettavvika meir oversiktlege.

Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjeveravgift, premieavvik av arbeidsgjeveravgift og redusert arbeidsgjeveravgift av trygderefusjon.

#### Forklaring til endringar:

Lønsutgiftene totalt er 1 mill.kr lågare enn budsjettet, men budsjettavviket varierer innanfor kvart KOSTRA-tema. Dei sosiale kostnadane er ein prosent av lønsutgiftene, men prosentsatsen varierer. Endringar i lønsutgifter er kommentert under gjeldande rammeområde. Totalt sett er dei sosial kostnadane 3,5 mill.kr over budsjettet. Sjølvे pensjonskostnaden er lågare, men premieavviket er høgare. Avvika kjem som sagt både frå at lønsgrunnlaget avvik frå budsjettet, og at prosentsatsen avvik. Avviket på premieavviket er på 15,5 mill.kr, og vert ført under KOSTRA-temaet «Adm. Og fellesutgifter». At pensjonskostnaden er prosentvis lågare enn budsjettet, kjem fram under dei fleste tema, vist med ein negativ avvikssum.

### 3.20 Avskrivningar

	Avskrivningar					
	Rek 12 (netto)	Rek 13 (netto)	Justert budsjett 2013	Opphavleg bud 2013	Forbruk i %	Avvik i kr
Politisk verksemd	38	38	0	0	#DIV/0!	38
Adm. og fellesutgifter	2 253	2 568	2 840	2 840	90 %	-272
Barnehagar	793	1 097	331	331	331 %	766
Grunnskule	6 909	9 909	9 323	9 323	106 %	587
Kommunehelse	211	180	186	186	97 %	-5
Pleie- og omsorgstenesta	3 176	3 754	3 166	3 166	119 %	589
Sosialteneste og NAV	6	0	0	0	#DIV/0!	0
Barnevern	0	0	0	0	#DIV/0!	0
Bustader	3 769	5 202	3 792	3 792	137 %	1 410
Plan	67	92	114	114	81 %	-22
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	115	157	64	64	245 %	93
Brann og ulykkesvern	425	405	121	121	334 %	284
Samferdsle og grøntanlegg	2 535	2 067	1 492	1 492	139 %	575
Vatn avløp og renovasjon/avfall	5 789	5 447	4 865	4 865	112 %	582
Kultur	-321	2 791	3 117	3 117	90 %	-326
Kyrkje	0	0	0	0	#DIV/0!	0
Motpost avskrivningar	-25 767	-33 709	-29 412	-29 412	115 %	-4 297
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>#DIV/0!</b>	<b>0</b>

#### Kommentar til tabell:

Avskrivingane er tatt ut av kvart rammeområde og samla i ein tabell.

I 2013 er det føreteke ein større gjennomgang av anleggsrekneskapen og føreteke ein del avskrivingskorrekjonar. I tillegg er det seld ein del anleggsmiddel i løpet av året, som har auka avskrivingane i høve det som vart budsjettert.

## 4 Årsrekneskap

Årsrekneskapen for 2013 er sett opp i samsvar med kommunale rekneskapsforskrifter.

### 4.1 Driftsrekneskap

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT, INKL. PROSJEKT						
DRIFTSINNTEKTER		Rek 2013	Rek 2012	Endring 2012 - 2013	Ophh.bud 2013	Justert budsjett 2013
						Avvik R13-Justert B13
LN03	Brukertilbetalinger	22 878	22 161	717	20 445	20 495
LN04	Andre sals- og leigeinntekter Overføringer med krav til	49 352	49 571	-219	46 395	47 037
LN05	motyting	88 299	91 096	-2 797	84 695	73 338
LN06	Rammetiiskot frå staten	254 753	250 281	4 472	255 436	252 776
LN07	Andre statlege overføringer	40 577	35 553	5 023	32 380	42 130
LN08	Andre overføringer	11 961	10 753	1 208	15 003	13 903
LN09	Skatt på inntekt og formue	189 267	180 817	8 449	187 884	189 978
LN10	Eigedomsskatt	38 383	31 091	7 292	37 500	38 350
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	3 872	3 897	-25	3 875	3 875
<b>LN12</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>B</b>	<b>699 343</b>	<b>675 221</b>	<b>24 122</b>	<b>683 613</b>
					<b>681 882</b>	<b>17 461</b>
DRIFTSUTGIFTER		Rek 2013	Rek 2012	Endring 2012 - 2013	Ophh.bud 2013	Justert budsjett 2013
LN14	Lønsutgifter	367 697	362 841	4 856	367 031	368 653
LN15	Sosiale utgifter Kjøp av varer og tenester som	110 755	100 842	9 913	105 617	104 936
LN16	ingår i kommunal tenesteproduksjon	81 041	80 277	765	80 720	78 225
LN17	Kjøp av tenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon	34 254	34 881	-627	29 784	31 792
LN18	Overføringer	72 712	65 680	7 032	56 484	68 285
LN19	Avskrivningar	33 709	25 767	7 942	29 412	29 412
LN20	Fordelte utgifter	-1 810	-1 879	69	-2 414	-2 414
<b>LN21</b>	<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>C</b>	<b>698 358</b>	<b>668 407</b>	<b>29 950</b>	<b>666 634</b>
					<b>678 888</b>	<b>19 470</b>
<b>LN23</b>	<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>D=B-C</b>	<b>986</b>	<b>6 814</b>	<b>-5 828</b>	<b>16 979</b>
					<b>2 994</b>	<b>-2 009</b>
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER		Rek 2013	Rek 2012	Endring 2012 - 2013	Ophh.bud 2013	Justert budsjett 2013
LN24	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	26 271	23 826	2 445	24 100	26 124
LN25	Gevinst finansielle instrumenter	1 206	3 633	-2 427	100	100
LN26	Mottekne avdrag på lån	85	551	-465	0	85
<b>LN27</b>	<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>E</b>	<b>27 562</b>	<b>28 009</b>	<b>-447</b>	<b>24 200</b>
					<b>26 309</b>	<b>1 253</b>
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter		20 965	20 148	816	24 010	23 510
LN28	Tap finansielle instrumenter	96	61	35	100	100
LN29	Avdragsgutifter	26 103	21 985	4 118	27 600	26 250
LN31	Utlån	0	161	-161	0	0
<b>LN32</b>	<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>F</b>	<b>47 164</b>	<b>42 356</b>	<b>4 809</b>	<b>51 710</b>
					<b>49 860</b>	<b>-2 696</b>
<b>LN34</b>	<b>Resultat eksterne finansieringstransaksjoner</b>	<b>G=E-F</b>	<b>-19 602</b>	<b>-14 347</b>	<b>-5 255</b>	<b>-27 510</b>
					<b>-23 551</b>	<b>3 949</b>
<b>LN35</b>	<b>Motpost avskrivningar</b>		<b>33 709</b>	<b>25 767</b>	<b>7 942</b>	<b>29 412</b>
<b>LN36</b>	<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>I</b>	<b>15 092</b>	<b>18 234</b>	<b>-3 142</b>	<b>18 881</b>
					<b>8 855</b>	<b>6 237</b>
AVSETNINGAR		Rek 2013	Rek 2012	Endring 2012 - 2013	Ophh.bud 2013	Justert budsjett 2013
LN38	Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforbruk	0	3 726	-3 726	0	0
LN39	Bruk av disposisjonsfond	5 013	15 698	-10 686	16 265	16 265
LN40	Bruk av bundne fond	27 746	24 654	3 093	23 308	44 632
<b>LN42</b>	<b>Sum bruk av avsetningars</b>	<b>J</b>	<b>32 759</b>	<b>44 078</b>	<b>-11 319</b>	<b>39 572</b>
					<b>60 896</b>	<b>-28 137</b>
Overført til investeringsrekneskapet		12	12 602	-12 590	21 167	125
LN44	Avsetninger disposisjonsfond	20 055	21 651	-1 595	13 221	27 835
LN47	Avsetninger til bundne fond	27 784	28 060	-275	24 065	41 792
<b>LN49</b>	<b>Sum avsetningars</b>	<b>K</b>	<b>47 851</b>	<b>62 312</b>	<b>-14 461</b>	<b>58 453</b>
					<b>69 751</b>	<b>-21 901</b>
<b>LN51</b>	<b>Regnskapsmessig meirforbruk</b>	<b>L=I+J-K</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Kommentar til tabell:** I = L23 (D) + L34 (G) + L35 (motpost avskrivingar).

**Driftsinntektene vart 17,5 mill. kr høgare enn i justert budsjett.**

LN03 – Auke i brukarbetalingar på 2,1 mill. kr (Oppvekst 0,5, Helse og omsorg 1,6).

Eigenandelar legevakt auka med 0,2 mill. kr

LN04 – Auke i gebyrinntekter (0,2), sal av mat (0,2), andre avgiftsfrie inntekter (0,1), husleigeinntekter (0,4), VAR-området og feiing (1,0), billettinntekter kino (0,1) og andre avgiftspliktige inntekter (0,1).

LN05 – Reduksjon i mva.kompensasjon frå invest.prosjekt (-2) og ref. frå andre kommunar (-0,6).

Auke i øyremerka tilskot (3,5), trygderefusjon (0,3), andre refusjonar frå staten (6,1, 4,8 ressurskrevjande brukarar), refusjon sjuke- og fødselspengar (5,5), refusjon frå fylket (0,4), lærlingetilskot (0,3), refusjonar frå private (0,4).

LN06 – Auke i inntektsutjamnande rammetilskot frå staten (1,9).

LN07 – Reduksjon i andre statlege overføringer (-1,6).

LN08 – Reduksjon i overføringer frå fylket (-2,6). Auke i overføringer frå andre kommunar (0,4).

LN09 – Reduksjon i skatt på eiga inntekt (-0,7).

**Driftsutgiftene vart 19,5 mill. kr høgare enn justert budsjett.**

LN14 – Reduksjon i lønnsutgifter på 1 mill. kr mot justert budsjett.

LN15 – Når ein tek omsyn til premieavvik aukar sosiale kostnader med 5,8 mill. kr.

LN16 – kommunen har eit omfattande og variert kjøp. Det er ei lang rekke mindre avvik med begge forteikn på til saman 2,8 mill. kr.

LN17 – Auke i kjøp av tenester frå staten (0,9), driftsavtale med private (1,6) og kommunale driftstilskot (0,6). Reduksjon i driftsavtale med andre kommunar (0,7),

LN18 – Auke i overføringer til staten (4,2), bidrag til livsopphald (3,2), tap på krav og næringstilskot (0,7). Reduksjon i overføringer til fylket (-3,4) og overføringer til private (-0,6).

LN19 – Avskrivingar aukar med 4,3 mill. kr.

LN20 – Interne overføringer (0,6)

**Brutto driftsresultat vart 1,0 mill. kr, noko som er 2,0 mill. kr lågare enn justert budsjett.**

**Resultat av eksterne finansutgifter vart -19,6 mill. kr. Dette er 3,9 mill. betre enn justert budsjett.**

Gevinst på obligasjonar vart i 2013 1,1 mill. kr høgare enn budsjett. Renteutgiftene vart 2,2 lågare enn justert budsjett. Dette inkluderer 1,6 mill. i byggjelånsrente som er overført frå drift til investering.

**Netto driftsresultat** vart positivt med 15,1 mill. kr. Det er 6,2 mill. kr meir enn budsjettet. Det er tilrådd at netto driftsresultat bør vera ca. 3% av inntektene for at heradet skal være i stand til å setja av midlar til framtidig bruk og til eigenfinansiering av kommunale investeringar. I 2013 var Kvam sitt netto driftsresultat 2,2 % av inntektene.

**Rekneskapsmessig resultat** for 2013 vart 0 fordi det i ulike vedtak er føringar for disponering av driftsresultatet. Det er avsett 9 mill. kr til disposisjonsfond, der 1 mill.kr er kraftinntekter utover opprinnelig budsjett som vert sett av på eige disposisjonsfond. I budsjettet er det budsjettet brutto med avsetning og bruk av disposisjonsfond, men i årsoppgjeret er det disponert netto. Det er difor avvik på både bruk og avsetning til disp.fond. Det same gjeld for bruk og avsetningar til bundne fond som stort sett gjeld finansiering av VAR-området.

